

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 18. mai 2020
Tid: kl. 18.00
Sted: Møteportalen Teams

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Grunna smittevernomsyn vert det lagt opp til digitalt møte. Lenke vil bli sendt ut frå politisk sekretariat same dag som møtet vert heldt til dei aktuelle og interesserte.

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

8/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 02.02.21

9/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og mestring

10/21 Kontrollutvalet sin uttale -Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2020

11/21 Prosjektmandat - forvaltningsrevisjonsprosjekt - «Effektivisering»

12/21 Referat- og orienteringssaker 18.05.21

Eventuelt

Aksdal, 11.05.21

Ola S. Apeland (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.05.21	8/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 02.02.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 02.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll fra møtet 02.02.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 02.02.21 følgjer vedlagt.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen, utvalet og andre aktuelle slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 10.05.21

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Tysdag **2. februar 2021** blei det halde digitalt møte i Tysvær kontrollutval under leing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Marit Hølland Gjedrem (Sp), og Emly Årvik (A)
MØTANDE VARAMEDLEMMER	Lars Birger Baustad (FrP) og Jorunn Stava (H)
FORFALL:	Karsten A. Larsen (FrP) og Svein Terje Brekke (KrF)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen frå KPMG AS etter avtale Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg, Rogaland Revisjon IKS i sak 5/21 og 7/21
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Økonomisjef Meike Baumgart i sak 2/21 Kommunalsjef teknisk Bjørn Bruaset i sak 4/21
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

Utvalsleiar ønskte velkommen til utvalet sitt fyrste digitale møte og spesielt til 2. varamedlem Stava som stilte for fyrste gong og på kort varsel.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 1/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.12.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 08.12.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 08.12.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - ØKONOMISJEFEN**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Økonomisjef Meike Baumgart takka for invitasjonen og sjansen til å kunne presentere seg og økonomikontoret. Ho er fødd i Tyskland, budd i Tysvær i 10 år og Norge i 20 år. Ho er siviløkonom m/tillegg, og har erfaring frå oljeservicenæringa og økonomikontoret. Ho har vore i stillinga i ein månad og ho og dei ved kontoret var no inne i krevjande tid med årsoppgjer og bruk av heimekontor pga. pandemien.

Kontoret har 11.5 årsverk og er delt inn i: 1) Rekneskapsavdeling, 2) Lønsavdeling og 3) Rådgjevarteamet. Alle er ein del av kommunen sin tenesteproduksjon, saman med dei ute i avdelingane. Dei har ca. 25.000 tilviste fakturaer, kor av 88 % er elektroniske. I fjor var det over 2200 innfordringsaker. Innan lønsarbeidet har det skjedd mykje når det gjeld system. I januar var det 1500 lønsslippar og ca. 250 nyregistreringar i 2020. Det blei sendt inn 850 sjukepengekrav til rundt 38 mill. kr i fjor. Dette er eit svært viktig arbeid.

Kommunen har 1,38 milliardar i lån. Nytt finansreglement vil komme i 2021 og ny bankavtale vil bli reforhandla. Innan innkjøp blir det arbeida med revidering av ny anskaffingsstrategi. Det er nå inngått 85 konsernavtalar. Ca. 12 % av innkjøpa er no som e-handel.

Ho meinte det var viktig å få auka digitaliseringa og sjå etter nye og betre metodar for rapportering og styring, spesielt av investeringsprosjekt. I tillegg kunne ho tenkje seg å utvikle eit klimabudsjett og ikkje minst følgje opp budsjettkontrollen. Ho avslutta med å vise til Angela Merkel og sitatet «Ordnung muss sein».

Utvalsleiar takka for ein fin presentasjon. Han hadde også nokre spørsmål/tankar om rapportering og om kommunen si økonomi. Økonomisjefen meinte kvalitet var viktigare enn kvantitet. Vidare vil det i framtida vere særskilt viktig å ha eit bevisst forhold til kva som må gjerast og som kan veljast bort. Rådmannen meinte budsjettverktøyet «Framsikt» til bruk for dei folkevalde også, ville her kunne hjelpe. Gode prognoser var uansett vanskeleg å lage.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering

SAK 3/21 OPPFØLGING AV ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2019**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding 15.01.21 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga og anskaffingar for 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Utvalsleiar innleia. Han var meinte at administrasjonen hadde svara godt og grundig. Då dette var basert på stikkontroll, kunne talet på manglande protokoll og anbod vere langt høgare. Rådmannen støtta leiar i at kontrollen må takast på alvor og vere ei læring. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding 15.01.21 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga og anskaffingar for 2019 til orientering.

SAK 4/21 PROSJEKTET «TURVEG TIL HIMAKÅNÅ» - RAPPORT FRÅ RÅDMANN OG ORDFØRAR

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen sin rapport, dagsett 22.01.21, med vedlegg og ordførar si tilbakemelding om prosjektet «Turveg til Himakånå» til orientering.

Tysvær kommunestyre vil som læring framheve kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbodsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Utvalsleiar innleia og viste til at det no var varsla ei ytterlegare kostnadsoverskriding. Han slutta seg til innstillinga, men ønskte også å leggje eit ansvar, ikkje berre på administrasjonen, men også på dei folkevalde.

Utvalsleiar gjorde framlegg om tillegg i siste setning i innstillinga:

....., samt at kommunestyret legg til grunn for sitt politiske arbeid at ein skal ha godt gjennomarbeidde saksframlegg som grunnlag for vedtak i folkevalde organ.

Utvalet støtta leiar sitt framlegg. Rapporten gav ei god oversikt over saksgang og utfordringane underveis. I kommunen var det stor politisk semje om å satse på reiseliv lokalt og regionalt, men at dette og andre byggjeprojekt viste at rett avgjerdsgrunnlag i forkant var viktig. Rådmannen var samd i at prosjektet ikkje blei som forventa, men nå låg vegen der.

Utvalet slutta seg til innstillinga med tillegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen sin rapport, dagsett 22.01.21, med vedlegg og ordførar si tilbakemelding om prosjektet «Turveg til Himakånå» til orientering.

Tysvær kommunestyre vil som læring framheve kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbodsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt, samt at kommunestyret legg til grunn for sitt politiske arbeid at ein skal ha godt gjennomarbeidde saksframlegg som grunnlag for vedtak i folkevalde organ.

SAK 5/21 INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGREVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Alternativt:

Tysvær kontrollutval slutter seg til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken i samsvar med vedlagt mandat.

Mandatet for undersøkinga godkjennast slik den ligg føre, men med også følgjande tillegg:
..... (må konkretiserast)

Meirkostnader som vil følgje kontrollutvalet sine tilføyningar i prosjektmandatet, er utvalet innforstått blir dekkav kontrollutvalet, med eit øvre tak på timar.

Rogaland fylkeskommune kontroll- og kvalitetsutval får mynde til å godkjenne tillegg/justeringar i mandatet som følgje av kommunar si deltaking i forvaltningsrevisjonen.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Utvalsleiar viste til at det var lagt fram to framlegg til vedtak. Han såg seg nøgd med sekretariatet si innstilling, då han meinte prosjektmandatet sine problemstillingane var dekkande for å nå formålet med læring. Han meinte det ikkje var noko trong for Tysvær å be om tillegg i mandatet.

Utvalet støtta leiar sitt syn.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Tysvær kontrollutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

SAK 6 /21 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2020**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2020.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Sekretær gjekk kort gjennom meldinga. I følgje leiar var den grei og systematisk sett opp. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2020.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 7/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.02.21

1. Statusrapport pr. januar 2021
2. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
3. Innkalling til ekstraord. representantskapsmøte 21.01.21- Karmsund Havn IKS
4. Brev om val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2021 til Rogaland Revisjon IKS
5. Kommunal. rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje

Handsaming i kontrollutvalet 02.02.21:

Utvalet hadde ingen merknader. Til statusrapport orienterte utvalsleiar om vidare prosess for opptak i Rogaland Revisjon IKS. Rådmannen supplerte. Sak til kommunestyret kommer opp dette halvår.

Forvaltningsrevisor Kvalvåg så fram til kommande oppdrag knytte til inntekter og omstillingsarbeid. Han viste til at fleire andre kommunar i sørfylket også har planar om liknande prosjekt og gjennom det kunne kommunane oppnå ein samkøyringseffekt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.02.21:

Referatsakene nr 1 – 5 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker ble meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag **18. mai** 2021, kl. 18.00

Saker: Orientering frå kommunalsjef helse og mestring, årsrekneskapen og etterlevingskontroll for 2020

Aksdal, 2. februar 2021

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.05.21	9/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG MESTRING

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og mestring om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 04.02.20, sak 2/20 følgjande:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

~~Møtet 12.05.20~~ ~~Kommunalsjef oppvekst og kultur~~ (møtet 09.06.20, sak 16)
~~Møtet 09.06.20~~ ~~Barnevernsleiar~~ (møtet 09.06.20, sak 17/20)
~~Møtet 15.09.20~~ **Kommunalsjef helse og mestring** (møtet 18.05.21)
~~Møtet 10.11.20~~ ~~Økonomisjef~~ (møtet 02.02.21, sak 2/21)


Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 07.02.20.

Etter avtale med kommunalsjef helse og mestring Annbjørg Lunde stillar ho til møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Frå kommunen sin nettside er det henta følgjande organisasjonskart:



Sekretariatet vil gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Talet tilsette på tenesteområda

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg.

Det er greitt, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 11.05.21

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.05.21	10/21
Formannskapet	01.06.21	
Kommunestyret	14.06.21	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE - TYSVÆR KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020

Sekretariatets forslag til vedtak:

*Tysvær kontrollutval vedtar **vedlagte** uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020 slik det ligg føre (med desse endringane/tillegga).*

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskaåpen og årsberetningen for 2020

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** for 2020 frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2020 (økonomisk oversyn drift og investering) med notar nr 1-17 og rådmannen sin årsberetning 2020
3. Revisjonsmelding for 2020 – **vert ettersendt eller presentert i møtet**
4. Revisjonsrapport/årsoppgjerbrev nr 5 - **uvisst**

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2020 ligg også på kommunen si nettside. Forutan revisor, vil også rådmann, økonomisjef og leiar økonomi drift delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale om årsrekneskapet og årsberetningen. Uttalen skal oversendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsberetningen.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følgje § 24-8. Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast 22. februar og årsberetning innan 31. mars. Revisor sin frist er sett til 15. april.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta sett ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsberetningen og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljøs av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold ved årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går utover kontrollen med sjølve rekneskapen og årsberetninga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsrekneskapene og årsberetningene inneber *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold ved årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt atterhald eller har merknader i revisjonsberetningen eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsberetning er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsberetning skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsberetninga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basere seg på årsberetninga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgje årsrekneskapen eller årsberetningen ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale.

Det er formannskapet som skal avgi innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsberetning.

Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjenner årsregnskapet og årsberetningen.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sin avlagde årsrekneskap for 2020 med notar, økonomiske oversyn, rådmannen sin årsberetning, revisjonsmelding, evt. årsoppgjersbrev.

Årsrekneskapen 2020

Rekneskapen for 2020 viser at Tysvær hadde inntekter på 1.151 mill. kr. Brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) blei på 49,7 mill. kroner, 16,4 mill. kr høgare enn fyrst budsjettert.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 74,1 mill. kr mot regulert budsjett på 56,1 mill.kr. Det utgjør 6.4 % av samla driftsinntekter.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningutval (TBU) og KS tilrår at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent for å ha ein sunn økonomi. I fjor var netto driftsresultatet på 5,4 %

Skatt og inntektsutjamningsmidlar visar eit resultat som er 7,5 mill. kr svakare enn budsjett, primært grunna korona.

Rammetilskott og andre tilskott ligg på 19,6 mill. kr over budsjett. Her ligg ulike kompenseringar av mindreinntekter og meirutgifter til kommunen som konsekvens av korona. Eigedomsskatten blei 2,1 mill. kr under budsjettert, grunna mindre nytaksering enn venta. Havbruksfondet var budsjettert med 3 mill. kr; resultatet blei 13,2 mill. kroner.

Pr 31.12.2020 har Tysvær kommune ei lånegjeld på 1 379 mill. kr; ein auke frå 1 297 mill. kr i fjor. Av denne lånegjelda blir 640 mill. kr rentekompensert. Renteeksponert lånegjeld er på 62 % av driftsinntektene ved årsskiftet. Dette er svakt over vedteke måltal. I følge rådmannen vil dette bli eit utfordringspunkt framover å sikra at dette måltalet blir nådd.

Kommunens disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene er 24,5 %. Her har kommunen god margin til vedteke måltal.

Rådmannen skriv i årsmeldinga mellom anna:

Tysvær sine resultat er i fortid, nåtid og i forhold til vedtatt budsjett/økonomiplan 2021 - 2024 svært gode; dette blir vist i kapitlet om økonomiske resultat. Trass i gode resultat dei seinare år, og med gode utsikter også framover, vil rådmannen i kapitlet økonomiske perspektiv til slutt i årsberetninga, peika på sentrale utfordringar som kommunen må vera spesielt merksam på i sin økonomiske planlegging dei neste åra, utifrå den kjennskap om framtida vi har ved inngangen til nytt budsjettår 2021.

Ved framlegget har kommunen i over eit år vore prega av ulike konsekvensar av korona. Resultatet i 2020 blei bra i forhold til inndecking av mindreinntekter og meirutgifter; uvisse lever nå likevel også inn i 2021 korleis pandemien vil prega økonomisk utvikling. Det uføresette her er svært krevjande å planleggja for.

Kommunen har dei seinaste åra arbeidd med eit målkart for kommunens tenesteutvikling. Dette er også vedteke av kommunestyret i juni 2019. Med grunnlag i dette arbeider resultatområda med sine konkrete mål for sine ulike tenesteområder.

I budsjett for 2020 har kommunestyret vedteke finansielle måltal for netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad slik:

- *netto driftsresultat skal vera minimum 4 % av kommunens samla driftsinntekter.*
- *Kommunens disposisjonsfond (frie fond kommunestyret kan omdisponera bruken av) skal vera på minimum 15 % av kommunens samla driftsinntekter.*
- *Kommunens renteesponerte lånegjeld (den lånegjeld kommunen må dekkja med eigne midlar) skal vera på maksimum 60 % av kommunens samla driftsinntekter.*

Resultatet for året er at kommunen med god margin oppfyller målet for netto driftsresultat og disposisjonsfond, men er svakt over måltalet for den renteesponerte lånegjelda.

.....

Hovudkonklusjonen for dette spesielle året, og trass i store utfordringar innleiingsvis grunna korona, er at kommunen har levert gode tenester for innbyggjarane. Investeringsane er gjennomført i stor grad i samsvar med dei planar som kommunestyret vedtok for året.

Landet generelt

Kostra-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat i snitt på 2,4 % i 2020. Det er ei auke frå 2019. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Både Kostra-tall og rekneskapsundersøking til KS visar at spredninga i netto driftsresultat er stor.

59 avslutta koronaåret 2020 med eit negativt netto driftsresultat, i følge SSB. I fjor var det 179 kommunar, så ein klår forbetring. Samstundes ligg 200 av kommunane øve det tilrådde nivået på 1,75 % for solid drift.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg frå minus 4,3 (Etne) til 9,1 % (Utsira) med dei fleste mellom 4-6 %. Årets resultat på 6,4 % for Tysvær kommune er høgt sett i lys av dei andre kommunane.

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2020 er på 292,5 mill. kr. Det var planlagt å investera for 310 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap vil kunne skuldast tidsforskyving av investeringane. Oversyn over dei største investeringane går fram i årsmeldinga side 12. Rekneskapen er gjort opp i balanse.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vere med i rekneskapen. Notane frå 1- til note 17, som er utarbeidd til rekneskapen i år følger saka som vedlegg .

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,*
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.***

Også i år har rådmannen laga ei årsberetning som fyller dei krava som lova sett. Det er gjeve ei god framstilling av den økonomiske situasjonen, herunder også den store sikkerhetsfaktoren når det gjeld eigedomsskatten, om finansinntekter – og utgifter, avsetjinger og overføringer, om tenestoområda, kommunen si gjeld og om andre lovbestemte krav til innhald i årsberetning, slik som likestilling og diskriminering, om arbeidet med internkontrollen og etikk.

I siste del av årsberetning gjer rådmannen sine kommentarar til økonomisk utvikling og vidare perspektiv. Rådmannen avslutter med at han vil starte opp arbeidet med TK-2030. Dokumentet har som mål å peike ut retning og grep kommunen må gjera for å sikra god økonomistyring og framtidsretta tenester det neste tiåret. Dokumentet er tenkt lagt fram til politisk handsaming i 2021.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG har i e-post 06.06.21 skrevet følgjande:

«Vi regner med å ha avsluttet vår revisjon, slik at vi kan legge fram vår beretning i møtet i kontrollutvalget 18. mai.

Slik vi ser det så langt, så ligger det an til ren beretning. Vi planlegger kun å avgi brev/rapport i tillegg dersom det er vesentlige forhold å påpeke.

Erfaring fra presentasjon av revisjonsplan i Tysvær kommune tilsier at det er liten interesse i kontrollutvalget i Tysvær knyttet til en generell presentasjon av revisors arbeid. Vi svarer selvsagt på spørsmål som kommer opp fra utvalget i forbindelse med saksbehandling av regnskapet.

Rapportering fra etterlevelseskontrollen vil foreligge innen lovens frist 30. juni. Dette tilsier at denne kan behandles på første møte etter ferien.»

Revisor vil komme med såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor vil då konkludere med at: ”Etter vår meining er årsrekneskapen som fylgjer med, avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir det alt vesentlege eit dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysvær kommune per 31. desember 2020, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg”.

Årsoppgjersbrev/rapport

Eit årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

Det er per no ikkje klart om revisor kjem med eit slikt brev.

I fjor blei det i brev nr 4 peika på nokre forhold som seinare blei retta opp og tilbakemelding sendt kontrollutvalet.

Årsoppgjersbrev/rapport, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrifta § 3:

Kontrollutvalget skal påse at regnskaprevisors påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

Sekretariatet har ikkje mottatt noko frå revisor i forkant av møtet og har derfor ikkje anledning til å gjere kontrollutvalet oppmerksame på spesielle forhold.

Utvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen det vil kommentere til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringane i møtet. Utvalet må vidare vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknadene innan ein fastsatt frist.

Framlegg til vedtak vil da kunne vere følgjande:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.21 på korleis merknadane frå revisor er følgt opp.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering i møtet om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Rådmann og økonomisjef vil i kontrollutvalsmøtet gje ei nærmare gjennomgang om kva som ligg bak årets resultat.

Forenkla etterlevelseskontroll

Revisor skal etter kommunelov § 24-9, i tillegg sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggst fram for kontrollutvalet.

Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til rådmannen, om resultatet av denne kontrollen. Denne vil, i følgje revisor, bli sendt til kontrollutvalet innen 30. juni.

Kontrollutvalet sin uttale

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) har på nyåret 2021 laga eit høyringsutkast og ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsberetningen.

Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta som kommunen har oversendt, og dessutan ei rein revisjonsmelding og eventuelt revisjonsrapport/brev frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsberetning som vedlegg 1.

Kontroll- og kvalitetsutvalet må elles vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 11.05.21

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til Tysvær kommunestyre

Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 – Tysvær kommune

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 18.05.21, sak 10/21 handsama årsrekneskap og årsberetning for 2020 for Tysvær kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 18.05.21.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, rådmannen sin årsberetning 2020 og revisjonsmelding, dagsett 18.05.21. I tillegg har revisor, rådmann og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen og årsrapport i utvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

*Tysvær kommune har i 2020 eit **positivt netto driftsresultat** med **74 mill. kr**, som utgjør 6,4 % av driftsinntektene. Det er eit betre resultat enn i fjor (5,4 %), og resultatet er også i år godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2. 5.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisor si orientering om revisjonsarbeidet og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Tysvær kommune for 2020.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Aksdal, 18. mai 2021

Ola S. Apeland
Utvallsleiar

Kopi: Formannskapet



Økonomisk oversikt - drift

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2020

06.05.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	388.755.333,00	361.193.000,00	363.000.000,00	341.150.790,00
2 Inntekts- og formuesskatt	296.200.200,52	306.500.000,00	306.500.000,00	303.352.186,01
3 Eiendomsskatt	177.636.377,74	180.000.000,00	180.000.000,00	185.517.007,70
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	29.822.130,16	32.256.141,00	9.465.100,00	54.649.454,02
6 Overføringer og tilskudd fra andre	152.125.938,65	144.162.943,88	81.040.074,00	152.502.696,75
7 Brukerbetalinger	36.255.979,06	38.408.914,00	38.161.209,00	37.159.019,48
8 Salgs- og leieinntekter	71.112.195,18	79.240.832,00	74.741.417,00	75.085.779,78
9 Sum driftsinntekter	1.151.908.154,31	1.141.761.830,88	1.052.907.800,00	1.149.416.933,74
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	614.665.159,30	623.271.443,01	571.548.669,00	593.886.902,75
11 Sosiale utgifter	140.768.420,21	147.405.156,11	142.613.808,00	150.073.341,11
12 Kjøp av varer og tjenester	221.919.443,47	215.873.437,65	204.533.184,00	217.195.313,50
13 Overføringer og tilskudd til andre	59.319.070,87	56.412.462,01	57.666.555,00	110.927.065,20
14 Avskrivninger	65.466.379,00	65.466.382,00	12.659.000,00	58.898.091,00
15 Sum driftsutgifter	1.102.138.472,85	1.108.428.880,78	989.021.216,00	1.130.980.713,56
16 Brutto driftsresultat	49.769.681,46	33.332.950,10	63.886.584,00	18.436.220,18
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	11.885.721,40	9.947.514,00	9.849.992,00	10.198.565,88
18 Utbytter	18.513.116,00	18.500.004,00	15.500.004,00	23.646.999,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	25.391.997,99	25.116.585,00	29.500.004,00	23.457.635,66
21 Avdrag på lån	46.066.670,00	45.999.996,00	38.999.996,00	32.066.670,00
22 Netto finansutgifter	-41.059.830,59	-42.669.063,00	-43.150.004,00	-21.678.740,78
23 Motpost avskrivninger	65.466.379,00	65.466.382,00	12.659.000,00	58.898.091,00
24 Netto driftsresultat	74.176.229,87	56.130.269,10	33.395.580,00	55.655.570,40
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-23.974.875,29	-18.885.269,00	-45.000.000,00	-26.110.200,33
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	2.397.630,62	2.648.915,90	4.760.213,00	-2.177.875,28
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-78.181.170,94	-69.142.919,74	1.548.984,00	-60.018.072,68
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	25.582.185,74	25.582.185,74	0,00	53.337.589,18
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:	-74.176.229,87	-59.797.087,10	-38.690.803,00	-34.968.559,11
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	-25.582.185,74



Oversikt - balanse

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2020

06.05.2021

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	3.406.889.575,36	3.113.863.961,27
I. Varige driftsmidler	2.010.881.863,46	1.815.866.511,37
1. Faste eiendommer og anlegg	1.949.602.102,10	1.767.248.199,01
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	61.279.761,36	48.618.312,36
II. Finansielle anleggsmidler	184.051.388,90	178.955.492,90
1. Aksjer og andeler	87.060.017,00	84.717.094,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	96.991.371,90	94.238.398,90
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	1.211.956.323,00	1.119.041.957,00
B. Omløpsmidler	660.069.635,79	664.747.278,57
I. Bankinnskudd og kontanter	384.509.999,23	387.913.313,18
II. Finansielle omløpsmidler	102.587.667,00	109.507.065,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	102.587.667,00	109.507.065,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	172.971.969,56	167.326.900,39
1. Kundefordringer	118.141.680,97	120.092.715,09
2. Andre kortsiktige fordringer	0,00	0,00
3. Premieavvik	54.830.288,59	47.234.185,30
Sum eiendeler	4.066.959.211,15	3.778.611.239,84
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	1.247.156.155,84	1.017.621.414,78
I. Egenkapital drift	285.916.661,69	266.601.810,51
1. Disposisjonsfond	282.520.386,22	235.225.718,68
2. Bundne driftsfond	3.396.275,47	5.793.906,09
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	25.582.185,74
II. Egenkapital investering	51.388.924,09	41.339.411,84
1. Ubundet investeringsfond	40.330.449,50	27.662.583,50
2. Bundne investeringsfond	11.058.474,59	13.676.828,34
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	909.850.570,06	709.680.192,43
1. Kapitalkonto	902.197.962,93	702.027.585,30
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-904,00	-904,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	7.653.511,13	7.653.511,13
D. Langsiktig gjeld	2.649.368.906,11	2.595.774.004,00
I. Lån	1.379.724.779,00	1.297.302.535,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	1.379.724.779,00	1.297.302.535,00
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	1.269.644.127,11	1.298.471.469,00
E. Kortsiktig gjeld	170.433.722,20	165.215.821,06
I. Kortsiktig gjeld	170.433.722,20	165.215.821,06
1. Leverandørgjeld	0,00	0,00
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	170.192.943,53	164.580.383,06
5. Premieavvik	240.778,67	635.438,00



Oversikt - balanse

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2020

06.05.2021

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
Sum egenkapital og gjeld	4.066.958.784,15	3.778.611.239,84
F. Memoriakonti	0,00	0,00
I. Ubrukte lånemidler	-143.666.700,64	-181.518.561,64
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Motkonto for memoriakontiene	-143.666.700,64	-181.518.561,64



1 TYSVÆR KOMMUNE - 2020

06.05.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				
1 Rammetilskudd	388.755.333,00	361.193.000,00	363.000.000,00	341.150.790,00
2 Inntekts- og formueskatt	296.200.200,52	306.500.000,00	306.500.000,00	303.352.186,01
3 Eiendomsskatt	177.636.377,74	180.000.000,00	180.000.000,00	185.517.007,70
4 Andre generelle driftsinntekter	29.822.130,16	32.256.141,00	9.465.100,00	54.649.454,02
5 Sum generelle driftsinntekter	892.414.041,42	879.949.141,00	858.965.100,00	884.669.437,73
6 Sum bevilgninger drift, netto	0,00	0,00	0,00	0,00
7 Avskrivninger	65.466.379,00	65.466.382,00	12.659.000,00	58.898.091,00
8 Sum netto driftsutgifter	65.466.379,00	65.466.382,00	12.659.000,00	58.898.091,00
9 Brutto driftsresultat	826.947.662,42	814.482.759,00	846.306.100,00	825.771.346,73
10 Renteinntekter	11.885.721,40	9.947.514,00	9.849.992,00	10.198.565,88
11 Utbytter	18.513.116,00	18.500.004,00	15.500.004,00	23.646.999,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Renteutgifter	25.391.997,99	25.116.585,00	29.500.004,00	23.457.635,66
14 Avdrag på lån	46.066.670,00	45.999.996,00	38.999.996,00	32.066.670,00
15 Netto finansutgifter	-41.059.830,59	-42.669.063,00	-43.150.004,00	-21.678.740,78
16 Motpost avskrivninger	65.466.379,00	65.466.382,00	12.659.000,00	58.898.091,00
17 Netto driftsresultat	851.354.210,83	837.280.078,00	815.815.096,00	862.990.696,95
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	-23.974.875,29	-18.885.269,00	-45.000.000,00	-26.110.200,33
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	2.397.630,62	2.648.915,90	4.760.213,00	-2.177.875,28
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-52.598.985,20	-43.560.734,00	1.548.984,00	-6.680.483,50
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:	-74.176.229,87	-59.797.087,10	-38.690.803,00	-34.968.559,11
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	-25.582.185,74



1 TYSVÆR KOMMUNE - 2020

06.05.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	271.084.541,20	292.895.755,00	267.838.755,00	164.511.053,21
2 Tilskudd til andres investeringer	2.890.273,96	0,00	0,00	643.153,20
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2.342.923,00	0,00	0,00	8.853.181,00
4 Utlån av egne midler	10.544.775,00	15.000.000,00	15.000.000,00	11.271.759,00
5 Avdrag på lån	5.642.904,00	2.500.000,00	2.500.000,00	5.281.649,00
6 Sum investeringsutgifter	292.505.417,16	310.395.755,00	285.338.755,00	190.560.795,41
7 Kompensasjon for merverdiavgift	37.961.718,57	41.803.750,00	38.700.750,00	24.590.974,69
8 Tilskudd fra andre	17.682.988,02	23.220.000,00	16.500.000,00	26.494.259,39
9 Salg av varige driftsmidler	14.389.707,78	5.000.000,00	5.000.000,00	1.788.923,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	7.807.275,35	2.500.000,00	2.500.000,00	5.285.047,76
13 Bruk av lån	169.851.861,00	141.428.007,00	141.428.007,00	92.035.616,00
14 Sum investeringsinntekter	247.693.550,72	213.951.757,00	204.128.757,00	150.194.820,84
15 Videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
19 Netto utgifter videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Overføring fra drift	23.974.875,29	46.000.000,00	45.000.000,00	26.110.200,33
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-9.030.072,85	27.554.000,00	20.610.000,00	-2.451.525,76
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	29.867.064,00	8.490.000,00	1.200.000,00	14.176.420,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	44.811.866,44	82.044.000,00	66.810.000,00	37.835.094,57
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00	0,00

Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Kommuneregnskapet er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og anvendelsen av desse. Inntekter og utgifter skal plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjente utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalinger i løpet av året som vedrører kommunens verksemd skal fremgå av drifts- eller investeringsregnskapet i året anten dei er betalt eller ikkje.

Regnskapet er avlagt i henhold til god kommunal regnskapsskikk, herunder kommunale regnskapsstandarder (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS).

Organisering av kommunens virksomhet

Den samla verksemda til kommunen er i hovudsak organisert innanfor kommunens ordinære organisasjon, med unntak av renovasjon, legevakt og brannvesen. Renovasjon og brannvesen vert dreven gjennom interkommunale selskap og legevakta vert kjøpt av Haugesund kommune. Dei interkommunale selskapa avlegg eigne sjølvstendige rekneskap, og legevakta vert ført som ein del av Haugesund kommune.

Note 1 Endring i arbeidskapital

Balanseregnskapet :	31.12.	01.01.	Endring
2.1 Omløpsmidler	660 069 636	664 747 279	
2.3 Kortsiktig gjeld	170 433 722	165 215 821	
Arbeidskapital	489 635 914	499 531 458	-9 895 544

Drifts- og investeringsregnskapet :	Beløp
Driftsregnskapet	
Sum driftsutgifter	1 151 908 15
Sum driftsinntekter	1 036 672 09
Netto finansutgifter	118 067 92
Netto driftsresultat	233 303 98
Investeringsregnskapet	
Sum investeringsutgifter	273 974 03
Sum investeringsinntekter	70 034 41
Netto utgifter videreutlån	
Netto utgifter i investeringsregnskapet	203 939 62
Netto tilgang/bruk i drifts- og investeringsregnskapet	29 364 36
Endring ubrukte lånemidler (økning +/- reduksjon-)	-37 851 86
Endring i regnskapsprinsipp ført direkte mot egenkapital	
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet	-8 487 49
Differanse (forklares nedenfor)	-1 408 04

Forklaring til differanse i arb.kapital :	Beløp
Endring i avsatte avdrag - korrigering av tidligere års feil	-1 408 04
	-1 408 04

Note 2 Kapitalkonto

Note 5 Aksjer og andeler i varig eie

Selskapets navn	Balanse nr	Eigarandel	Balanseført verdi 31.12.2020	Balanseført verdi 01.01.2020
KLP egenkapitalinnskott	22141001 *		kr 28 240 673	kr 25 897 750
A/L Biblioteksentralen	22170001		kr 1 500	kr 1 500
AS Haugaland Industrier	22170002	5,10 %	kr 15 500	kr 15 500
Haukelivegen	22170004	2,20 %	kr 13 500	kr 13 500
A/S Tysvær Bygdablad	22170008	7,30 %	kr 6 000	kr 6 000
Haugaland Kraft	22170011	9,80 %	kr 26 045 231	kr 26 045 231
Karmsund Havnevesen	22170013	7,70 %	kr 100 000	kr 100 000
Norsk Bane AS	22170015	0,20 %	kr 40 200	kr 40 200
Haugaland Vekst	22170017	9,10 %	kr 100 000	kr 100 000
HIM	22170018	17,00 %	kr 30 300	kr 30 300
Haugalandsmuseene	22170019	12,00 %	kr 43 600	kr 43 600
Miro AS	22170020	16,00 %	kr 26 400	kr 26 400
Destinasjon Haugesund & Haugalandet	22170021	19,80 %	kr 650 000	kr 650 000
Tysvær Arena	22170026	97,40 %	kr 2 495 149	kr 2 495 149
Odda Vegfinans	22170027	4,00 %	kr 10 000	kr 10 000
Aksdal Næringspark	22170028	40,00 %	kr 8 000 000	kr 8 000 000
HIL-Hallen	22170029	5,00 %	kr 5 350	kr 5 350
Storhall Karmøy AS	22170030	5,00 %	kr 1 500	kr 1 500
Haugaland Brann IKS	22170031	9,50 %	kr 481 000	kr 481 000
Aksdal Senter A/S	22170035	39,10 %	kr 39 114	kr 39 114
Hordfast AS	22170036	0,00 %	kr 100 000	kr 100 000
Haugaland Næringspark AS	22170039	10,90 %	kr 20 615 000	kr 20 615 000
Sum			kr 87 060 017	kr 84 717 094

Note 6 Utlån

Utlånt til	Utestående 31.12.	Utestående 01.01.
<i>Utlån finansiert med innlån</i>		
Boligsosiale formål (startlån)	kr 63 520 401	kr 60 897 203
Sum lånefinansierte utlån	kr 63 520 401	kr 60 897 203
<i>Utlån finansiert med egne midler</i>		
Aksdal senter	kr 129 775	kr -
Haugaland Næringspark	kr 17 360 000	kr 17 360 000
Bygdehuset Nedstrand	kr 350 000	kr 350 000
Haugaland kraft	kr 15 631 196	kr 15 631 196
	kr -	kr -
Sum egenfinansierte utlån	kr 33 470 971	kr 33 341 196
Sum	kr 96 991 372	kr 94 238 399

Note 7 Markedsbaserte finansielle omløpsmidler og derivater

Markedsbaserte finansielle omløpsmidler

Aktivklasse	Finansforvaltnings-reglement	Anskaffelseskost	Balanseført verdi 31.12.	Balanseført verdi 01.01.	Resultatført verdiendring
Rentepapirer fond	§ 4	1 700 000	2 128 806	2 128 806	45 704
Obligasjoner bank	§ 4	100 161 645	100 458 861	100 458 861	297 216
		101 861 645	102 587 667	102 587 667	342 920

Note: Ved inngangen av året var det plassert 109,5 mill. kroner i bankobligasjoner/fond. Denne er redusert til 102,6 mill. kroner ved slutten av året. Dette er ei løpande vurdering ift. mulig rentegevinst ved å plassere i bankobligasjoner, sett opp mot direkte bankinnskott. Resultatvurdert verdiendring her er bokførte verdiendringer i 2020 på plasseringar kommunen har pr. 31/12-2020. Avkastning på kommunens plasseringar i bankobligasjoner er i 2020 1,97 % og 2,22 % på plasseringer i pengemarkedsfond. Tilsvarende ville plasseringar gjennom bankavtalen vera avkastning på 1,02 %.

Note 8 Rentesikring

Renteutgiftene på kommunen si lånegjeld vert sikra i samsvar med gjeldande reglement for finans- og gjeldsforvaltning. Tysvær Kommune har ikkje lånegjeld med bruk av rentesikring, med unntak av at det vert inngått fastrenteavtaler for

Note 9 Langsiktig gjeld

Lånesaldo 31.12.2020	Kommunekassen	Konsolidert årsregnskap	Gj.snittlig løpetid (år)	Gj.snittlig rente
Lån til egne investeringer	1 308 434	0	2	1,51
Lån til andres investeringer	0	0	0	0
Lån til innfrielse av kausjoner	0	0	0	0
Lån til videreutlån	71 291	0	15	1,73
Sum bokført langsiktig gjeld	1 379 725	0		
<i>Herav finansielle leieavtaler</i>	<i>0</i>	<i>0</i>		
Lån som forfaller i 2021	674 000	0		
Herav lån som må refinansieres	674 000	0		

Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelser	Langs.gjeld 31.12.2020	Gj.sn. rente
Langsiktig gjeld med fast rente :	634 433	1,51 %
Langsiktig gjeld med flytende rente :	745 251	1,51 %

Langsiktig lån med flytende rente er definert som lån med bindingstid mindre enn 1 år, sjølv om det meste av desse låna er inngått med korte rentebindingar under 1 år. Samla lån med flytende rente p.t. vilkår utan rentebindingar er på 5 491 000 kroner.

Note 10 Avdrag på lån

Avdrag på lån til investeringer i varige driftsmidler

Kommunen skal betale årlege avdrag som samla skal være minst lik størrelsen på avskrivningar i regnskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelda og størrelsen på avskrivbare anleggsmidler.

Formel for berekning:

$$\frac{\text{Sum årets avskrivningar} \times \text{Lånegjeld pr. 1/1 i regnskapsåret}}{\text{Bokførte avskrivbare anleggsmidler pr. 1/1 i regnskapsåret}} = \text{Minimumsavdrag}$$

Forholdet mellom betalte avdrag om minimumsavdrag	2020	2019
Sum avskrivninger i året	65 466	58 898
Sum lånegjeld pr 1.1 (ekskl. lån videre utlån)	1 225 300	1 124 566
Avskrivbare anleggsmidler pr. 1.1	1 635 990	1 535 332
Bergnet minimumsavdrag	49 032	43 140
Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	-46 067	-32 067
Avvik	2 965	11 073

Tilleggsinformasjon:

I lånegjelda 1/1-2020 ligg 60 mill. kroner og i lånegjelda 1/1-2019 ligg 40 mill. kroner, som er lån forskottering til Akسدalskryssset. Dette er lån som ikkje auker avskrivbare anleggsmidler. Kommunestyret har gjort vedtak om at lånet skal innfris i 2021.

Justert for dette forskotteringslånet blir berekning minimumsavdrag slik:

Bergnet minimumsavdrag	46 630	41 605
Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	-46 067	-32 067
Avvik	563	9 538

Med denne bakgrunn er kommunen om lag i samsvar med krav til minimumsavdrag for 2020

Men avdrag for seinare budsjettår, inkl. 2021 må vurderast å bli auka.

Avdrag på lån til videre utlån og forskotteringar

Mottatte avdrag på videreutlån og refusjoner av gitte forskotteringar finansiert med lån kan bare finansiere avdrag på lån eller nye utlån, jf KL 14-17, 2. ledd. Dersom slike mottatte avdrag benyttes til å betale avdrag på lån etter KL § 14-15 første og andre ledd og § 14-16, skal dette ikke redusere minimumsavdraget, jf KL § 14-18 tredje ledd.

	2020	2019
Mottatte avdrag på startlån	7 807	5 286
Utgiftsførte avdrag i investeringsregnskapet	5 643	5 282
Avsetning til/bruk av avdragsfond	4 587	2 452
Saldo avdragsfond 31.12.	11 058	13 677

Note 11 Pensjonsforpliktingar

Generelt om pensjonsordningene i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsesbasert pensjon for ansatte.

Pensjonsordningen omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnpensjon samt AFP/tidligpensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygda. Pensjonane vert samordna med utbetaling frå NAV.

Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskot. Eventuelle midlar på premiefondet kan bare brukast til framtidig premiebetaling. Premiefondet framgår ikkje av kommunerekneskapet, men bruk av fondet reduserar faktisk betalte pensjonspremiar.

	2020	2019
Innestående på premiefond 01.01.	98 397	167 902
Tilført premiefondet i løpet av året	8 706	8 840 264
	247	
Bruk av premiefondet i løpet av året	6 648	8 896 675
	155	
Innestående på premiefond 31.12.	2 156	111 491
	489	

Regnskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er beregna ut frå langsiktige forutsetningar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert berekna på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordninga, og det vil difor normalt vera forskjell mellom desse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet. Premieavviket vert tilbakeført igjen med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, med 1/10 per år for premieavvik oppstått frå 2011 til 2013 og med 1/15 per år for premieavvik oppstått frå 2002 til 2010.

Bestemmelsane innber også at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetningar for berekning av pensjonskostnaden	KLP	SPK
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,00 %	3,50 %
Diskonteringsrente	3,50 %	3,50 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,48 %	2,48 %
Forventa pensjonsregulering	1,71 %	ikkje oppgitt
Forventa årleg G-regulering	2,48 %	2,48 %

Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktingar og estimatavvik

Pensjonskostnad og premieavvik	2020	2019
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	61 023 919	62 154 18
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	41 643 214	49 249 60
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-45 245 961	-46 349 23
Adminstrasjonskostnad	3 691 134	3 370 08
A Beregnet netto pensjonskostnad (inkl. adm)	61 112 306	68 424 63
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	76 176 874	86 704 31
C Årets premieavvik (B-A)	15 064 568	18 279 67

Akkumulert premieavvik	2020	2019
Sum gjenstående premieavvik tidligere år (pr. 01.01.)	47 196 713	27 932 66
Årets premieavvik	15 064 568	18 279 68
Sum amortisert premieavvik dette året	7 993 981	5 459 72
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	47 510 335	40 752 62
Arbeidsgjeveravgift av akkumulert premieavvik	6 698 957	5 746 12
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	54 209 292	46 498 75

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar	2020	2019
Netto pensjonsforpliktelser pr. 01.01.	208 967 428	157 147 43
Brutto pensjonsforpliktingar	1 107 725 671	1 276 189 39
Pensjonsmidlar	898 758 243	1 119 041 95

Note 12 Kommunens garantiansvar

		Garantiansvar per		Utløper
Gitt overfor - navn	Garantiramme	31.12.2020	31.12.2019	dato
HIM IKS	35 600 000	kr 8 809 257	kr 7 509 995	25.01.2037
Karmsund Havn	61 500 000	kr -	kr 49 974 121	
Skjoldhallen	5 000 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000	
Haugaland Hestesportarena	10 000 000	kr 10 000 000		
Sum garantiansvar	112 100 000	kr 23 809 257	kr 62 484 116	

Note 13 Bundne fond

Bundne fond	Beholdning 01.01.2020	Avsetninger	Bruk av fond	Beholdning 31.12.2020
<i>Bundne driftsfond</i>				
Sjølvkostfond VA	(8 777 434)	165 277	3 103 448	(11 715 605)
Flyktningmidlar	3 594 895	1 632 172	1 559 664	3 667 403
Oppvekst og kultur øremerka midlar	4 450 299	1 455 390	2 001 589	3 904 100
Helse og mestring øremerka midkar	3 982 165	734 065	1 843 356	2 872 874
Teknisk Øremerka midlar	663 077	199 821	148 638	714 260
NKP		2 056 362		2 056 362
Husbankmidlar	1 859 613			1 859 613
Viltfond	21 292	15 977	-	37 269
Sum	5 793 907	6 259 064	8 656 695	3 396 276
<i>Bundne investeringsfond</i>				
Husbanken - ekstraordinære innbetalinger	13 676 830	-	2 618 354	11 058 476
Sum	13 676 830	-	2 618 354	11 058 476

Note 14 Sjølvkostområde

	Resultat 2020					Balansen 2020	
	Inntekter	Kostnader	Over(+)/underskot (-)	Årets dekningsgrad i % ¹⁾	Vedtatt dekningsgrad i %	Avsetn(+)/ bruk av (-) s / fremførbart jølvkostfond underskot pr. d 31.12 ²⁾	Sjølvcostfond / fremførbart underskot pr. 31.12 ²⁾
Vatn	20 522	21 210	-688	96,8 %	100,0 %	-559	-1 220
Avløp	19 615	21 832	-2 217	89,8 %	100,0 %	-2 339	-9 965
Feiing	1 611	1 808	-197	89,1 %	100,0 %	-205	-696
Oppmåling	1 404	2 691	-1 287	52,2 %		ikkje aktuelt	ikkje aktuelt
Bygge- og delesak	2 022	3 177	-1 155	63,6 %		ikkje aktuelt	ikkje aktuelt
Private avløpsanlegg	608	446	162	136,3 %	100,0 %	165	165
Private planer	300	944	-644	31,8 %		ikkje aktuelt	ikkje aktuelt

	Resultat 2019					Balansen 2019	
	Inntekter	Kostnader	Over(+)/underskot (-)	Årets dekningsgrad i % ¹⁾	Vedtatt dekningsgrad i %	Avsetn(+)/ bruk av (-) s / fremførbart sjølvkostfond underskot pr. d 31.12 ²⁾	Sjølvcostfond / fremførbart underskot pr. 31.12 ²⁾
Vatn	21 857	22 608	-751	96,7 %	100,0 %	-751	-661
Avløp	20 097	20 355	-258	98,7 %	100,0 %	-258	-7 626
Feiing	1 307	1 783	-476	73,3 %	100,0 %	-476	-490

1) Årets dekningsgrad før ev.avsetning/bruk av dekningsgradsfond.

2) Dekningsgradsfonda er bundne driftsfond. Desse kan kun nyttast til dekning av framtidige driftsutgifter på tilhørende sjølvkostområde. Dekningsgradsfond må nyttast innan 3-5 år. På områder med pålagt sjølvkost (renovasjon), eller der kommunestyret forut for inntektsåret har fattet prinsippvedtak om eigenbetaling ut fra sjølvkost, kan kommunen ha fremførbart underskot. 3-5 års perioden kan fravikes dersom det er særegne forhold i kommunen og det er gjort vedtak i kommunestyret der desse særegne forholda blir synliggjort.

Tysvær kommune har for 2020 berekna sjølvkost på oppmåling, bygge- og delesak, private avløpsanlegg og private planar. Kommunen kjem til å visa fram desse sjølvkostberekningane både i budsjett og noter framover

Note 15 Sal av finansielle anleggsmidlar

Tysvær kommune har ikkje solgt finansielle anleggsmidlar i 2020

Note 16 Ytelser til ledende personer

Ytelser til ledende personer	Lønn og annen godtgjørelse	Godtgjørelse for andre verv	Tilleggs-godtgjørelse	Natural- ytelser
Rådmann	1 242 420	0	0	164 000
Ordfører	1 086 896	0	0	0

Note 17 Godtgjørelse til revisor

Kommunens revisor er KPMG

Godtgjørelse til revisor	KommuneKassen
Regnskapsrevisjon	345 415,00
Forvaltningsrevisjon	452 548,13
Eierskapskontroll	0
Rådgivningstjenster	0
Samlet godtgjørelse	797 963,13

Årsberetning 2020

Lovkrav

Årsberetning og rekneskap for 2020 er del av rådmannen si samla rapportering til kommunestyret. Regnskapet blei formelt avlagt 22. februar 2021, og syner økonomiske oversikter og noter knytt til drifts-, investerings- og balanserekneskapen.

Årsberetningen skal gi ytterlegare opplysningar om forhold som er viktige for å bedømme kommunen sitt økonomiske resultat og stilling, samt andre forhold av vesentleg betydning for kommunen.

Dette er lovkrava til innhald i årsberetninga (§ 14.7 i kommunelova):

- Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske stillinga og utviklinga, og om den økonomiske stillinga ivaretar den økonomiske handleevna over tid
- Vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsregnskap, og vesentlige avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningane
- Måloppnåelse og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggerane
- Tiltak som er iverksatt og tiltak som er planlagt iverksatt for å sikre høg etisk standard
- Den faktiske stillinga når det gjeld kjønnslikestilling
- Det kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestilling- og diskrimineringsloven § 26.

Samandrag

Netto driftsresultat blei 74 mill. kroner som utgjør 6,4 % av driftsinntektene, godt over måltalet som er vedteke. Gjennomsnittet i Norge utan Oslo er 2,4 %, kommunegruppe 8 hadde i gjennomsnitt 1,0 %. Staten og KS anbefalar at ein normalkommune bør ha ein driftsmargin på minimum 1,75 prosent for å få konklusjonen ein sunn økonomi.

Kommunens disposisjonsfond i % av driftsinntektene er 24,5 %. Her har kommunen god margin til vedteke måltal.

Kommunen har lånegjeld ved årsskiftet på 1 379 mill. kroner; ein auke frå 1 297 mill. kroner i fjor. Av denne lånegjelda blir 640 mill. kroner rentekompensert. Renteeksponert lånegjeld er på 62 % av driftsinntektene ved årsskiftet, dette er svakt over vedteke måltal. Det blir eit utfordringspunkt framover å sikra at dette måltalet blir nådd.

Kommunestyret sette av til investeringar og fond 57 mill. kroner til eigenkapital investeringar og fondavsetjingar i sitt budsjettvedtak. Denne budsjettavsetjing er gjort. Resultatet utover denne avsetjinga er på 21,8 mill. kroner. Denne summen er sett av til havbruksfond med 10,3 mill. kroner og til generelt disposisjonsfond med 10,5 mill. kroner. Kommunestyret kan vedta annan disponering som del av sitt vedtak på rekneskapen for 2020 i juni 2021.

Skatt og inntektsutjamning har eit resultat som er 7,5 mill. kroner svakare enn budsjett, primært grunna korona.

Rammetilskott- innbyggjartilskot, utgiftsutjamning og ulike skjønstilskott - ligg på 19,6 mill. kroner over budsjett. Her ligg ulike kompenseringar av mindreinntekter og meirutgifter til kommunen som konsekvens av korona.

Eigedomsskatt ligg 2,1 mill. kroner under budsjett, grunna mindre nytaksering enn venta frå likerettaranelegget fase 2 på Haugsneset.

Havbruksfondet var budsjetttert med 3 mill. kroner; resultatet blei 13,2 mill. kroner. Meirinntekt er sett av til havbruksfondet, som i første omgang er øyremarka til breibandsutbygginga.

Finansinntektene har meirinntekter på 9,4 mill. kroner, der meirutbytte frå Haugaland Kraft utgjør 3,5 mill. kroner. God likviditet bidrar også sterkt til resultatet.

Fellesutgiftene har ein mindreutgift på heile 22 mill. kroner. Årsak ligg her i korona ved eit lønsoppgjer som blei lite, samt som konsekvens også reduserte pensjonsutgifter.

Resultatområda kjem ut med eit resultat før korona på 29,5 mill. kroner svakare enn budsjett. Etter at resultatområda er kompensert for meirutgifter knyta opp mot korona er resultatet 9,8 mill. kroner svakare enn budsjett; eit vesentleg betre resultat enn det tertialrapportene viste.

Ved årsskiftet har kommunen særskild god likviditet; samla midlar i bank og bankobligasjonar er på 487 mill. kroner; om lag same nivå som året før.

Tysvær sine resultat er i fortid, nåtid og i forhold til vedtatt budsjett/økonomiplan 2021 - 2024 svært gode; dette blir vist i kapitlet om økonomiske resultat. Trass i gode resultat dei seinare år, og med gode utsikter også framover, vil rådmannen i kapitlet **økonomiske perspektiv** til slutt i årsberetninga peika på sentrale utfordringar som kommunen må vera spesielt merksam på i sin økonomiske planlegging dei neste åra, utifrå den kjennskap om framtida vi har ved inngangen til nytt budsjettår 2021.

Ved framlegget har kommunen i over eit år vore prega av ulike konsekvensar av korona. Resultatet i 2020 blei bra i forhold til inndecking av mindreinntekter og meirutgifter; uvisse lever nå likevel også inn i 2021 korleis pandemien vil prega økonomisk utvikling. Det uføresette her er svært krevjande å planleggja for.

Årsberetning for 2020 blir lagt fram med frist 31. mars 2021. Resultata som ligg føre i oppsummeringa er kommentert i meir detalj nedanfor. Årsberetninga vil bli utvida med meir tenesteinformasjon, og meir detaljerte data også knyta opp mot kostra 2020 i årsmeldinga som blir lagt fram som digitalt dokument til handsaming i kommunestyret i juni 2021.

Mål for kommunen

Kommunen har dei seinaste åra arbeidd med eit målkart for kommunens tenesteutvikling. Dette er også vedteke av kommunestyret i juni 2019. Med grunnlag i dette arbeider resultatområda med sine konkrete mål for sine ulike tenesteyr.

I budsjett for 2020 har kommunestyret vedteke finansielle måltal for netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad slik:

- Netto driftsresultat skal vera minimum 4 % av kommunens samla driftsinntekter.
- Kommunens disposisjonsfond (frie fond kommunestyret kan omdisponera bruken av) skal vera på minimum 15 % av kommunens samla driftsinntekter.
- Kommunens renteesponerte lånegjeld (den lånegjeld kommunen må dekkja med eigne midlar) skal vera på maksimum 60 % av kommunens samla driftsinntekter.

Resultatet for året er at kommunen med god margin oppfyller målet for netto driftsresultat og disposisjonsfond, men er svakt over måltalet for den renteesponerte lånegjelda.

Da målsetjingar blei laget for 2020 var den nye organiseringa av resultatområda ennå ikkje etablert. Det blei derfor ikkje laget eigne mål for samla resultatområder gjeldande for 2020. Dette er gjort først for 2021. Heller ikkje målkartet som er referert nedanfor var laget då måla for 2020 blei sett opp i budsjettet. Av den grunn er det dei ulike tenesteyr sine målsetjingar som vil bli fokusert, og dette vil bli utdjupa i det vidare arbeidet med årsmeldinga, herunder kostra, som blir lagt fram til handsaming i kommunestyret i juni 2021.

Hovudkonklusjonen for dette spesielle året, og trass i store utfordringar innleiingsvis grunna korona, er at kommunen har levert gode tenester for innbyggjarane. Investeringane er gjennomført i stor grad i samsvar med dei planar som kommunestyret vedtok for året.



Økonomiske resultat i 2020

Nærare om resultatutvikling


Netto driftsresultat blei 74 mill. kroner (79 mill. kroner om resultatet inkluderer finansiering av driftstiltak med fond og avsetjing til fond frå tenestekområda). Netto driftsresultatet utgjør 6,4 % av driftsinntektene, medan måltallet er på 4 %. Tilsvarende var netto driftsresultat i 2019 på 55,6 mill. kroner.

Frå 2020 har Tysvær igjen blitt omplassert i kostragruppe; frå gruppe 11 til gruppe 8. Disse kommunane er med i kostragruppe 8: Tysvær, Bømlo, Kvinnherad, Ullensvang, Sogndal, Namsos, Ørland, Vefsn, Vestvågøy, Sortland, Senja, Hammerfest og Sør-Varanger.

Kommunen har hatt svært gode resultatet dei seinare åra, spesielt i 2016 – 2018. Dette vises i illustrasjonen nedanfor:

I illustrasjonen er det også teke med kva resultat som ligg inne i budsjett og økonomiplan 2021 – 2024.

I eigen illustrasjon nedanfor er Tysvær sine resultat vist i % av driftsinntekter, der finansielt måltall vedtatt i budsjett 2020 er teke med som illustrasjon, og i tillegg KS/Finansdepartementet sitt normtall for minimum nivå for godt økonomisk handlingsrom. Illustrasjonen viser at Tysvær i alle dei åra som er viste, har hatt gode resultat langt over alle normtall. Det bør også vera slik i og med at Tysvær har svært gode eigedomsskatteinntekter som utgjør heile 17 % av driftsinntektene; det er langt over det nivå som kommunane har som gjennomsnitt på eigedomsskatteinntekter. Kostra-tala vil bli nærare utdjupa i årsmeldinga.



Driftsresultat utover vedtatt disponering gjennom kommunestyrevedtak


Rekneskapsforskriftene er endra frå rekneskapsåret 2020. Tidlegare forskrifter la til grunn at det skulle leggjast fram eit rekneskapsmessig overskott eller underskott for kommunestyret til disponering. Nå blir rekneskapen saldert med avsetjing til fond ved overskott, og med bruk av fond ved underskott. Kommunestyret gjorde vedtak om desse avsetjingane i sitt budsjettvedtak:

- | | |
|-------------------------------------|-----------------|
| - Driftsbidrag til investeringane | 45 mill. kroner |
| - Eigedomsskatt –sikringsfond | 5 « |
| - Havbruksfond | 3 « |
| - Generelt disp. fond (frå utbytte) | 4 « |

Sum budsjettert avsett 57 mill. kroner

Rådmannen har sett av resultatet på 21,7 mill. kroner, utover dei avsetjingar kommunestyret har gjort vedtak om, til havbruksfond 10,2 mill. kroner og 11,5 mill. kroner til generelt disposisjonsfond. Kommunestyret kan ved godkjenning av rekneskap gjera endringar på det rådmannen har lagt til grunn.

Figuren nedanfor illustrerer korleis bakgrunnen for kommunens resultat er:



Driftsrekneskapet

Driftsinntektene auka frå 1 149,5 mill. kroner til 1 152 mill. kroner, ein auke på berre 3,5 mill. kroner (0,3 %).

Kommunen sine samla driftsutgifter (eksklusiv avskrivningar) blei redusert frå 1 072 mill. kroner til 1 037 mill. kroner, ein nedgang på 35 mill. kroner (3,4 %). Reduksjon i driftsutgiftene med 35 mill. kroner og 3 mill. kroner i auke i driftsinntekter, samla 38 mill. i reduserte netto driftsutgifter. Årsakene er samansette her, mellom anna ved at inntektene har stor variasjon. Hovudbildet er likevel at lønsutgifter- og pensjon har vist liten samla vekst, medan deler av inntektsrammene har positiv vekst. Vidare arbeid gjennom føreståande analyser, vil syna om denne utviklinga, er ein endring som kan ha konsekvensar i framtidig økonomistyring; eller om korona-året er forklaringa på det meste.

Driftsinntektene – sentrale inntekter

Skatteinntekter og inntektsutjamning

Korona-pandemien gav stor uvisse på konsekvensar på skatteinngangen. Skatteinngangen er svak som forventast grunna pandemien; men svak skatteinngang gav regjeringa melding om skulle kompensast. For Tysvær er skatteinngangen, justert for inntektsutjamning skatt, 7,5 mill. kroner svakare enn budsjett. Skatteinntekter isolert ligg 10,3 mill. under budsjett (samla 296,2 mill. kroner), medan inntektsutjamninga er 2,8 mill. kroner betre enn budsjett (samla 34,8 mill. kroner). I statsbudsjettet legger regjeringa til grunn det den trur vekst i skatteinntekter blir på landsbasis. Veksten i statsbudsjettet for skatteinntekter blei sett til 1,3 %, medan veksten blei på minus 0,7 %. Kommunane får behalda meirinntekt frå skatt, utan at rammetilskottet blir redusert som konsekvens. Tysvær fekk ein skattevekst på -2,4 % målt mot 2019 og har skatteinntekter (eksklusiv eigedomsskatt) på 85,1 % av landet sin gjennomsnittlege skatt. Tysvær som er ein kommune med svært låge skatteinntekter skal løftast til rundt 95 % gjennom inntektsutjamninga. Kommunen dreg slik stor nytte av landet sin skattevekst når den er høgare enn budsjett.


Rammetilskott

I rammetilskota til kommunane frå Staten ligg innbyggjartilskot, utgiftsutjamning og ulike skjønstilskott. Gjennom rammetilskota er målet at kommunane skal ha eit mest mogeleg likeverdig tenestetilbod. Kvar kommune får innbyggjartilskot i 2020 på 25 083 kroner pr. innbyggjar; for Tysvær blir det 277,5 mill. kroner. Men overføringane blir justert for det utgiftsbehov kommunane har utifrå si befolkningssamansetjing. Tysvær har eit utgiftsbehov på 4,5 % over landsgjennomsnittet, og får 29,6 mill. kroner i tillegg till innbyggjartilskotet. Dette er midlar som kommunar med lågare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet, må dekkja opp med fråtrekk i sitt innbyggjartilskot. I rammetilskotet ligg også overføring av kompensasjonen for reduserte eigedomsskatteinntekter då eigedomsskattelova blei endra frå 2019.

Rammetilskotet er det heilt sentrale verktøyet for regjeringa i høve til å kompensera for redusert inntektside og auke i utgifter grunna korona, gjennom spesielle tilleggsoverføringar og som skjønnstilskott. I desse overføringar ligg da også konkrete overføringar retta inn mot smittevernarbeidet. Samla er inntektene på rammetilskot 19,6 mill. kroner høgare enn budsjett. Ekstra overføring av 5 mill. kroner gjennom rammetilskotet til å setja i gang investeringstiltak/større vedlikehaldstiltak er da trekt ut og overført til investeringsbudsjett. Kommunestyret har i eige vedtak teke stilling til konkrete prosjekter

Eigedomsskatt

Eigedomsskatteinntektene innbetalt er 177,6 mill. kroner i 2020; tilsvarande var inntektene 185,5 mill. kroner i 2019. Nedgangen her skuldast at eigedomsskattelova blei endra frå 2019 ved at deler av verk og bruk fell bort som eigedomsskatteobjekt med nedtrapping 2019 - 2025 og Tysvær skulle få kompensasjon for bortfall av eigedomsskatteinntekter frå desse verksemdene. Tysvær blei kompensert rundt 98 % av sitt tap i første omgang, men frå 2021 endra til rundt 88 %. Redusert eigedomsskatt vil i 2025 vera på 55,6 mill. kroner; kompensasjonen vil etter endringa bli rundt 48 mill. kroner. Illustrasjonen nedanfor syner utvikling i eigedomsskatteinntekter, kompensasjon og sum kompensasjon/eigedomsskatt, hvis endringa frå 2021 som Stortinget gjorde vedtak om, står ved lag:



Rettssaksutgifter utgjorde heile 3,7 mill. kroner i 2019 og 2 mill. kroner i 2020. Desse utgiftene gjeld saken Equinor har reist mot Karmøy kommune på Slepner-ilandføringa og der Tysvær er partshjelp. Denne saken blei endeleg avgjort i mars, der kommunane fekk fullt medhald og Equinor må dekkja

opp kommunens rettskostnader. Tysvær Kommune har framleis uavklara spørsmål rundt nivå eigedomsskatt etter omtaksering pr. 2016, og det er slik framleis økonomiske usikkerhetspunkter her. Klagene vil bli handsama i lagenemnd våren 2021.

Samla er det mindreinntekter i høve budsjett på 2,4 mill. kroner frå eigedomsskatt i 2020.

Havbruksfondet

Havbruksfondet har gjeve gode overføringar til kommunen dei siste åra; budsjettet var 3 mill. kroner medan kommunen fekk overført 13, 2 mill. kroner; 10,2 mill. kroner over budsjett. Samla er det frå 2017 -2020 overført nær 30 mill. kroner til havbruksfondet; midlar som er øymerka til breibandutbygginga i kommunen. Gjennom dei overføringane som kommunen her har mottatt, er vedtatt satsing på breiband fullfinansiert.

Finansinntekter og – utgifter

Finansområdet gjev netto store meirinntekter i 2020 i høve til budsjett.


Korona-pandemien har medført hyppige rentenedsetjingar frå Norges Bank, og har gjort at kommunen ved nye og refinansierte låneopptak har oppnådd svært låge renter. Inntektssida gjennom bankinnskot grunna høg likviditet og utbytte er også positiv ; her mest grunna auka utbytte frå Haugaland Kraft med 3 mill. kroner over budsjett. Samla på finansområdet er resultatet 9,4 mill. kroner betre enn budsjett. Netto finansutgifter (inkludert avdrag på lån) er 41 mill. kroner i 2020; tilsvarande i 2019 vart 21,7 mill. kroner. Aukn skuldast ein vesentleg auke i avdragsbetaling i 2020 på 14 mill. kroner samt at mottatt utbytte var 5 mill. høgare i 2019 enn i 2020. 7 mill. kroner av avdragsbetaling for 2020 er finansiert med disposisjonsfond, etter vedtak i kommunestyret i samband med disponering av rekneskapsresultat for 2019. Budsjettet for avdrag 2021 blei regulert tilsvarande dette til 46 mill. kroner.

Utover dette er det primært god likviditet som gjer at renteinntekter blir høgare enn budsjett. Ved årsskiftet har kommunen 487 mill. kroner i renteberande bankinnskot og plasseringar, av dette 100,5 mill. kroner i bankobligasjonar. Resultatet av plassering i bankobligasjonar er 1,97 % i renteinntekt som er klart høgare enn den rente vi får gjennom bankavtalen som er på 1,02 %. Porteføljen består av obligasjonar i norske sparebanker som blir vurdert å ha lav tapsrisiko.

Renteutgiftene er klart lågare enn budsjettet; utgifter på 24,2 mill. kroner mot budsjett 29 mill. kroner. Dagens rentenivå er svært gunstig; gjennomsnittleg rente på våre lån ved utløpet av året er 1,51 % som er ein reduksjon frå 1,92 % året før.

Finansreglement blir revidert våren 2021; dagens reglement gjev i hovudsak mulighet for plassering av midlar i bank og i bankobligasjonar. Dette gjev sikkerhet for at vi ikkje taper kapital, men det gjev samstundes relativt lav avkastning, spesielt nå når Norges Bank si rente er fastsett til null. Ny kommunelov presiserer at finansiell risiko dvs. mulighet for tap av den kapital som er plassert i markedet skal ha hovudfokus.

Resultatområda



I tertialrapportane er det gjeve meldingar om samla forventa svake resultat for tenestekområda. Tertialrapport 2 la til grunn 25 mill. kroner svakare resultat enn budsjett; eksklusiv korona-konsekvensar og fellesutgifter (i hovudsak lønsreserve og pensjon). Resultatet for året blei 29,5 mill. kroner svakare enn budsjett inklusiv utgifter til korona-tiltak. Samla berekna direkte korona-konsekvensar både i form av mindreinntekter på områda (til dømes redusert SFO og barnehagebetaling) og direkte utgifter på områda, utgjør 19,5 mil. kroner; dette er overført tenestekområda til inndekning. Etter denne inndekning er resultatet for tenestekområda samla eit resultat som er 10 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Områda kjem likevel svært ulikt ut, som illustrasjonen ovanfor syner.

Fellesutgifter

I illustrasjonen som viser korleis kommunens oppnådde resultat for 2020 blir fordelt, ligg fellesutgifter inne med eit positivt resultat på 22 mill. kroner. Det er på dette området kommunen budsjetterer med lønsreserven for året samt store deler av pensjonsområdet. Begge områder gav vesentleg lågare utgiftsvekst enn budsjettert. Lønsoppgjeret grunna korona blei svært lavt; i tillegg slapp kommunane å betale inn ein termin av arbeidsgjevaravgift for året på nær 5 mill. kroner også med bakgrunn i korona. Reduserte løns- og pensjonsutgifter for året, er del av den samla finansieringa av meirutgifter til koronatiltak og mindre skatteinntekter.

Korona

Det var knyta stor uvisse til inndekning av *korona-konsekvensar* gjennom året. Samla vurdert med ulike kompensasjonar frå Staten gjennom rammetilskot og skjønstilskot, reduserte skatteinntekter samt reduserte løns- og pensjonsutgifter, viser resultatet at Tysvær samla har fått dekkja sine meirutgifter og mindreinntekter gjennom nemnde tiltak av ulik art. Statlege bidrag auka gjennom året, og særskilt siste del av året ved m.a. auka skjønsmidlar til smittevernarbeid.

Stab og politisk styring

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk	6 614 005	7 055 991	-441 986
Stab	63 012 621	64 699 330	-1 686 712
Samla	69 626 626	71 755 324	-2 128 698

Rekneskapsresultatet for stab og politisk styring viser eit underforbruk på 2 128 698 kroner, noko betre enn prognose. Stab og politisk styring har hatt dokumenterte meirutgifter på 37 000 kroner på grunn av korona, og området er tilført 13 000 kroner av desse i budsjettet.

Av mindreforbruket har politisk har eit mindreforbruk på 441 986 kroner. Dette er i hovudsak mindre utbetalingar knytt til godtgjersle til folkevalde samt til representasjon.

Stab har eit mindreforbruk på 1,7 mill. kroner i hovudsak knytt mot meirinntekter på lærlingar, mindreutgifter i HMS avdelinga, mindreutgifter til lønn ved IT kontoret og økonomikontoret grunna vakans og sjukefråvær, og reduksjon i seniorordninga i kommunen.

Oppvekst og kultur

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Skule	173 807 938	172 831 297	976 641
Barnehage	112 205 114	113 287 020	-1 081 906
Kultur	23 790 813	24 638 240	-847 426
Barnevern	24 556 315	27 380 031	-2 823 716
PPT	6 410 481	8 166 276	-1 755 794
Helsestasjon	10 158 807	11 174 822	-1 016 015
Kommunalsjef	2 989 962	5 132 767	-2 142 805
Totalt	353 919 430	362 610 452	-8 691 021

Resultatområdet oppvekst og kultur har et mindreforbruk på budsjettet på 8,6 mill. kroner. Det er tilført resultatområdet 6,5 mill. kroner i kompensasjon for meirutgifter og tapte inntekter i samband med koronapandemien.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak ubrukte lønnsmidlar knytt til sjukefråver, vakante stillingar, ein dobbeltfinansiert stilling, tilskottsmidlar og færre omsorgsplasseringar i fosterheim og institusjon. Det har vore gjort koronarelatert arbeid som ein har fått kompensert for utan at det har blitt sett inn vikar. Dette gjeld særleg helsestasjons- og skulehelsetenesta som har ein helsesjukepleier fast inne i koronasentralen. Våren 2020 var det også andre stillingar som blei sett inn i koronarelatert arbeid, som ein har blitt kompensert for. Dette var mogleg fordi ein hadde ein periode der mange aktivitetar var nedstengde.

Skule har eit negativt avvik på 0,9 mill.kroner mellom budsjett og rekneskap. Skule er kompensert for koronautgifter på 1,8 mill. kroner. Skulane har hatt god budsjett disiplin og greidd å snu eit forventa underskot til tilnærma balanse. Det økonomiske bildet har endra seg frå januar til årsavslutning frå eit varsla underskot på 8 mill. kroner (inkludert sparekrav på 2.mill. kroner) til eit underskot på 1 mill. kroner inkludert sparekrav frå 2019 og 2020. Det er fleire grunnar til at resultatet er mykje betre enn gitt prognose: Inndraging av vikarmidlar, god budsjett disiplin, meirinntekter ad. gjesteelevar, noko lågare skysskostnad og dekning av tapte SFO-inntekter. Det har vore krevjande med usikker resultatutvikling tidleg i året, å setja av tilstrekkelege midlar til ekstraordinære tiltak.

Barnehage har eit positivt resultat på 1 mill. kroner. Summen av korona-relatert meirutgifter og mindreinntekter er 3,9 mill. kroner som barnehage er kompensert for. Underforbruket skuldast i hovudsak av reduksjon i stillingar på grunn av lågare barnetall. Foreldrebetalinga er budsjetttert med inntekter tilsvarande talet på godkjende barnehageplassar i barnehagane og blir ikkje regulert av reelt nytta barnehageplassar. Det var også fritak frå foreldrebetalinga under stenginga våren 2020. Ein ser ei auke i innvilga søknadar knyta til redusert foreldrebetaling. Det er høgare kostnader knyta til kjøp av barnehageplassar frå andre kommunar enn tilsvarande inntekter. Kostnadene til private barnehagar har auka. Dette skuldast løns og prisvekt, endring i talet på barn i private barnehagar og koronakompensasjon.

Barneverntenesta, PPT og helsestasjons- og skulehelsetenesta har i 2020 hatt mindreforbruk. Dette er knytt til vakante stillingar og sjukemelding i periodar og vikarar som har lågare løn enn fast tilsette.

Det skuldast også dobbeltfinansiering av ein stilling og tilskottsmidlar brukt til finansiert stilling, som ein del av ein opptrappingsplan og koronarelatert innsats utan vikar i ordinær drift. Det har over tid blitt færre statlege fosterheimar og institusjonsplasseringar. I tillegg har antal fosterheimsplasseringar generelt flata ut. Det er viktig å ha med seg at i 2022 trer barnevernsreforma i kraft. Den vil medføre større økonomisk ansvar til kommunane, mellom anna ved å fjerne refusjonsordninga og auke eigenandelane.

På kulturområdet har pandemien gitt svikt i besøk og billettinntekter på Tysværtunet på 1,9 mill. kroner. Kultur er kompensert for 1,7 mill. kroner i koronautgifter (tapte inntekter). Tiltak og redusert drift på øvrige område har gitt innsparingar.

Helse og Mestring

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Aktivitet og Omsorg	119 805 026	118 962 805	842 221
Ressurs og tenestekontor	6 110 560	6 923 687	- 813 127
Seksjon Helse	124 037 870	102 660 867	21 377 003
NAV	8 446 180	9 207 897	-761 717
Kommunalsjef	5 260 221	5 680 337	-420 115
Totalt	263 659 857	243 435 593	20 224 264

Resultatet for 2020 i Helse og mestring viser eit overforbruk på 20,2 mill. kroner etter at resultatområdet er tilført dekning av koronautgifter med 8,9 mill. kroner. Resultatet er i samsvar med prognoser gjevne i tertialrapport. Kostnadene var særleg høge i perioden mai til september. Dette gjaldt personalkostnader som overtid, ekstravakter og vikarutgifter. Det har vore auke i tenestevolum innan heimebaserte tenester, brukarstyrt personalassistanse (BPA) og personleg assistanse (PA), samt overbelegg på institusjonsplassane. Det har også vore ein auke i meirkostnader til legetenesta. Kommunen har også hatt døgnmulkt kostnad med utskrivingsklare pasientar som ligg på sjukehuset. Institusjonstenesta har framleis høge kostnader samanlikna med landet jmf. Kostratala. Årsak er m.a. knyta til ressurskrevjande tenester og dertil høgare bemanning. Ein del av underskotet er ikkje innfridd vedtatt innsparing.

Aktivitet og omsorg har eit meirforbruk på 842 000 kroner, etter at det er gjeve 3,6 mill. kroner i koronakompensasjon. Dette er i hovudsak overtid og vikarutleige i forhold til budsjettet som utgjør meirforbruket.

Seksjon Helse er den tenesta der meirforbruket er størst; 21,4 mill. kroner. Det er gitt 4,1 mill. kroner i koronakompensasjon. Overforbruket skuldast i hovudsak meirutgifter på lønn og utgifter til vikarbyrå.

Øvrige tenesteområder har eit samla mindreforbruk på 2 mill. kroner etter at det er gjeve koronakompensasjon på 1,1 mill. kroner.

Tenestene innan helse og mestring har «dratt i nødbremsen» utifrå den resultatutviklinga området tidleg såg det låg an til. Alle seksjonane i resultatområdet har jobba med tiltak for å unngå ytterlegare overforbruk. Overtidsbruk har hatt ein nedgang sidan september. Tiltaka har gitt avgrensa effekt for inneverande år 2020. Dei fleste tiltaka vil ikkje ha full effekt før i 2021 og tildels i 2022. Det har blitt lagt ned mykje arbeid i kompetanseutvikling på systemsida, dette gjeld særleg ressursstyring. Det er viktig å identifisera tiltak som gir langvarig effekt. Dette arbeidet vil vera ein kontinuerleg prosess, å finna bærekraftige løysingar.

Kostnader til korona er blitt prosjektført og har medført ein stor meirkostnad i resultatområdet, ein stor andel er blitt dekkja av kompensasjonsmidlar nasjonalt som anført innleiingsvis. Dette gjeld særleg kostnader til koronasentralen, vikarutgifter då stor andel av personalet var i karantene, store

innkjøp av smittevernutstyr og vidare personell til vaksinerings. Det har vore meirarbeid og kostnader som fylgje av koronapandemien som ikkje har blitt prosjektført. Til dømes har arbeidsoppgåver vore meir tungvint å organisera og utføra med alle smittevernreglar. Det har også vore høgare sjukefråvær i 2020 samanlikna med 2019, dette skuldast m.a. at det er lågare terskel for å vera heime med symptomer.

I eit lengre perspektiv er utfordringa ennå større med stor auke av den eldste aldersgruppa dei komande åra som har behov for helse- og omsorgstenester. Det blir svært viktig frå første kontakt med helse- og omsorgstenestene å bidra til best muleg helse og mestring. I plan Helse og mestring 2020-2040 er bærekraft vesentleg. Folkehelse, førebygging, innovasjon og struktur på tenesta er sentrale tema som kommunen vil ha fokus på.

Teknisk inklusiv VAR

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Prosjektkontor	763 759	778 306	-14 547
Forvaltning	7 856 108	6 502 963	1 353 145
Teknisk drift	64 998 804	66 094 177	-1 095 145
Kommunalsjef	13 068 958	14 038 556	-969 598
Sum teknisk ekskl. VAR	86 687 628	87 414 002	-726 374
VAR området	-22 209 042	-23 338 618	1 129 576
Totalt	64 478 586	64 075 384	403 202

For 2020 kom resultatområde Teknisk ut med eit samla overforbruk på 0,4 mill. kroner. I dette resultatet ligg det 1,95 mill. kroner som kommunen har mottatt som kompensasjon for til dekning av koronarelaterte tiltak. Av utgifter til korona-tiltak dekkar 1,7 mill. kroner tiltak innan reinhald, medan resten er innan kommunale bygg.

Årsresultatet er svakt dårlegare enn prognose. Årsaka er først og fremst svikt i gebyrinntekter innan byggesak og oppmåling på nesten 1,3 mill. kroner. Bakgrunnen er færre saker som gir gebyr, særleg det faktum at det blir bygt langt færre einbustadar enn for nokre år sidan. I tillegg medførte overgangen til nytt saksbehandlingssystem nedsett kapasitet med overskriding av tidsfristar og tap av gebyrinntekter som resultat. Nytt gebyrregulativ basert på sjølvkostberekningar sikrar meir rettferdige gebyrsatsar. Eit positivt innslag i rekneskapen er låge straumprisar i 2020 som gir eit utslag på 1,8 mill. kroner som mindreforbruk

Vatn- og avløp har lågare inntekter og høgare kostnader til vedlikehald enn budsjettet noko som samla medfører negativt avvik mot budsjett. Lågare inntekter skuldast lågare vekst i tal abonnentar og lågare vassforbruk enn budsjettet. Oppblomstring av blågrønne alger i tre forskjellige vatn har medført ekstra arbeid i 2020. Lekkasjeprosentsen for drikkevatt er grovt berekna til 22,5 % i 2020. Dette er ein nedgang frå rundt 33 % i 2019. Godt teknisk utstyr, flinke tilsette og målretta arbeid er bakgrunnen for at samla lekkasje har gått ned.

Teknisk drift prøver ut ny teknologi og nye løysingar. I 2020 er det innført system for flåtestyring som er ei digital løysing der publikum kan sjå kor det er brøyta, strødd, kantslått og feia. Systemet gir god informasjon til publikum. Det har blitt gjennomført eit prøveprosjekt med robot klippar på grasbanen i Grinde. Robot-klippar gir gevinst i redusert behov for menneskelige ressursar til klipping, redusert behov for kunstgjødsel, betre kvalitet på grasdekket og ein får miljøgevinst med redusert drivstofforbruk til klipping samt frakt av klipt gras til miljøstasjonane.

Koronapandemien har prega året 2020 for reinhaldsavdelinga. Avdelinga har fått nye utfordringar gjennom ekstra behov for reinhald, fordyrande innkjøp og til tider utfordringar med å få

tak i nødvendige varer. Avdelinga har møtt utfordringane på ein god måte og fått mykje ros frå brukarar og tenester.

Investeringane 2020

Samla direkte investeringsutgifter er brutto inklusiv moms på 271 mill. kroner (164,5 mill. kroner i 2019); i tillegg kjem 21,5 mill. kroner som er utlån, avdrag på lån til utlån, aksjekjøp og tilskott andre sine investeringar. Sum utgifter er 292,5 mill. kroner som må dekkast opp gjennom ulik finansiering.

Tysvær har eit høgt investeringsvolum i 2020; dette utgjer 23 % målt mot driftsinntektene. Tilsvarande i gruppe 8 er 17 % og gjennomsnitt for landet 16 %. Eigenkapitalfinansieringa av investeringane målt mot brutto investeringar er imidlertid høgare for Tysvær; Tysvær har i 2020 38 % eigenkapitalfinansiering, gruppe 8 kommunane har 23 % og landsgjennomsnittet er 30 %.

Investeringsrekneskapet er finansiert med 122,5 mill. kroner i hovudsak frå statstilskott og momskompensasjon samt sal av eigedom. Av dette utgjer sal av kommunale bustadar 10,3 mill. kroner; denne summen er sett av til eige bustadfond i samsvar med tidlegare vedtak i kommunestyret. 170 mill. kroner er dekkast opp med bruk av lånemidlar.

Interne midlar som finansier opp investeringsrekneskapen er 24 mill. kroner frå driftsbudsjettet og 21 mill. kroner netto frå ulike fond. Kommunestyret budsjetterte med 45 mill. kroner frå drift til investering. Budsjetterte midlar som ikkje er nytta direkte til investeringar i samsvar med budsjett, er overført til disposisjonsfond med øyremerkning til gjennomføring av dei vedteke investeringsprosjekter for 2020.

Det vil alltid vera avvik frå det som er budsjettert det einskilde år til investering, og det som rekneskapet for året syner. I rekneskapsåret er det gjennomført investeringar der budsjettet er vedteke tidlegare år, og det vil vera investeringar som er budsjettert i 2020 som ikkje er gjennomført i dette regnskapsåret jfr. avsnittet foran.

Hovudbildet i samband med vurdering av investeringsregnskapet, er korleis det einskilde prosjekt blir gjennomført i forhold til den budsjetttramme som er vedteke for prosjektet; ei ramme som kan vera vedteken i fleire årsbudsjett.

I 2020 er prosjekta med største regnskapsførte utgifter (tal i mill. kroner):

- VA-prosjekter	55
- Driftsbygg Aksdal Næringspark	46
- Dag. og aktivitetssenter	16,4
- Rehabilitering badeanlegg	15,4
- Frakkagjerd Stadion	13
- Aktivitetspark Frakkagjerd	7,2
- Parkering sør E 134	6
- Himakånå veg	5,4
- It-investeringar	5,3
- Breibandsutbygginga	4,1
- Led gatelys	3
- Frakkagj. B.skule – spesialrom	2,9
- Straumen skule	2

Det blei gjeve ei ekstra løyving frå Staten på 5 mill. kroner til konkrete investeringstiltak grunna koronasituasjonen. Kommunestyret gjorde vedtok om løyving til 7 konkrete prosjekter i sitt møte i juni 2020. Av summen er 2,7 mill. kroner nytta i 2020; resten er sett av til fond for gjennomføring våren 2021.

Investeringsprosjekta vil elles bli belyst meir i detalj ved framlegging av rekneskap og samla årsmelding til handsaming i kommunestyret i juni 2021.

Balanserekneskap

	Rekneskap	Rekneskap	
Tall 1.000 kroner	2020	2019	Endring
Anleggsmidler	3 406 889	3 113 864	293 025
Omløpsmidler	660 069	664 136	-4 067
Sum eiendeler	4 066 958	3 778 000	288 958
Egenkapital	-1 247 156	-1 017 621	-229 535
Langsiktig gjeld	-2 649 368	-2 595 774	-53 594
Kortsiktig gjeld	-170 434	-164 605	-5 829
Sum gjeld og egenkapital	-4 066 958	-3 778 000	-288 958

Eiendeler

Sum **anleggsmidlar** auka med 293 mill. kroner. Anleggsmidlane er i hovudsak dei bygningar og ulike anlegg kommunen eig. I hovudsak skuldast auken investeringar i faste eigedomar og anlegg med 200 mill. kroner, og auke i pensjonsmidlar med 92 mill. kroner. Utlån auka frå 94 mill. kroner til 97 mill. kroner, medan aksjer auka frå 85 mill. kroner til 87 mill. kroner; den siste auken gjeld auke i eigenkapitalinnskot KLP.

Ved årsskiftet var **omløpsmidlar** på 660 mill. kroner, ein reduksjon på 4 mill. kroner. Likvide midlar i form av bankinnskot utgjer av dette 384,5 mill. kroner som er ein nedgang på 4 mill. kroner frå 2019, og plassering i bankobligasjonar, som også er relativt likvide, utgjer 102,5 mill. kroner. Av bankinnskota utgjer 144 mill. kroner unytta lånemidlar. Kortsiktige fordringar utgjer 173 mill. kroner, ein auke på 5 mill. kroner frå 2019.

Eigenkapital

Eigenkapitalen har auka med 229 mill. kroner frå 2019 til 2020. Auken skuldast auke i kapitalkonto på 200 mill. kroner og i fondskapitalen med 29 mill. kroner. Kommunens fondsmidlar ved årsskiftet er på 337 mill. kroner. I fondsmidlane ligg avsetjing av kommunens betra resultat for 2020 utover det kommunestyret vedtok som avsetjing i budsjettvedtaket.

Av fondsmidlane på 337 mill. kroner utgjer eigedomsskattefond 70 mill. kroner, investerings- og utviklingsfond 65 mill. kroner, sentrumsutviklingsfondet 32 mill. kroner, havbruksfond 24 mill. kroner, rentefond 15 mill. kroner, bustadutviklingsfond 10 mill. kroner, næringsfond 7,5 mill. kroner og generelt disposisjonsfond 70 mill. kroner. Desse her spesifiserte fondsmidlane utgjer 290 mill. kroner av fondskapitalen. Deler av det generelle disposisjonsfondet skal nyttast som eigenkapital til investeringar budsjetttert i 2020 som ikkje er gjennomførte i 2020.

Sentrumsfondet Aksdal utgjer i dag 32 mill. kroner. Bakgrunnen for opprettinga av dette fondet er å sikra eigenkapital til gjennomføringa av investeringar i Aksdal, gjennom alt sal av areal i området blir tilført fondet. I vedtatt økonomiplan er det lagt som premiss for investeringane at samla rundt 92 mill. kroner av investeringane skal finansierast med fondet. I dette premiss ligg da at areal som ikkje er seld hittil i Aksdal har ein salsverdi på 60 mill. kroner. Tidsperioden for sal av areal er sett til rundt 5 år. I mellomtida legges det opp til at kommunen låner, og tilbakebetaler lån når sal gjennomføres med tilføring til fondet. Det sentrale er at det blir vurdert som realistisk at det er gjenverande salsverdier i Aksdal på minimum rundt 60 mill. kroner.

Ved årsskiftet har kommunen negative sjølvkostfond på vatn, avløp og feiing på 11,5 mill. kroner; negativt fond avløp utgjør av dette 10 mill. kroner. Negative fond inneber at kommunen har krevd inn for låge avgiftssatsar for å oppnå sjølvkost på desse områda, der utfordringa er svært stor på avløp, der sjølvkost vil krevja vesentleg auke i gebyra framover.

Kortsiktig gjeld

Kortsiktig gjeld utgjør 170 mill. kroner, i 2019 var kortsiktig gjeld 165 mill. kroner. Leverandørgjeld på 42 mill. kroner, avsette feriepengar på 64 mill. kroner og skuldig skattetrekk/arbeidsgjevaravgift på 37 mill. kroner utgjør storleiken av kortsiktig gjeld.

Langsiktig gjeld

Samla langsiktig gjeld har auka med 53,5 mill. kroner til 2 649 mill. kroner. Pensjonsforpliktelser utgjør om lag 50 % = 1269 mill. kroner og er ein reduksjon på 29 mill. kroner. Samla pensjonsforpliktelser blir å sjå opp mot pensjonsmidlar som utgjør 1212 mill. kroner; netto forpliktelse utover pensjonsmidlar avsett er 57 mill. kroner.

Ordinære lån utgjør om lag 50 % = 1380 mill. kroner og er ein auke på 82 mill. kroner frå 2019 til 2020. Ordinære lån har auka vesentleg dei seinaste åra. Målet er likevel å halda nivået på lånegjeld kommunen må dekkja med eigne midlar på stabilt nivå. Nesten 54 % av låneporteføljen = 745 mill. kroner er binding under 1 år, og 46 % = 634 mill. kroner er binding over 1 år. Gjennomsnittleg rentebindingstid er 1,6 år ved årsskiftet; tilsvarande i fjor var 1,55 år. Langsiktig lånegjeld (utan frådrag for lån som blir kompenserte i ein eller anna form) utgjør for 2020 118 % av driftsinntektene; tilsvarande for gruppe 8 er 128 % og for landet utan Oslo 124 %.

Arbeidskapitalen

Arbeidskapitalen, differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er på 490 mill. kroner; tilsvarande året før var 499 mill. kroner. Arbeidskapitalen korrigert for premieavvik, ubrukte lånemidlar og bundne fond er 278 mill. kroner eller 24 % av sum driftsinntekter. Dette er ein høg arbeidskapital og arbeidskapitalen er stabil. Tilsvarande i 2019 var 252 mill. kroner og 22 % av sum driftsinntekter. Kommunen har vesentleg høgare arbeidskapital enn både gruppe 8 kommunane og gjennomsnittet av landet.

Likviditetsgrad

Likviditetsgrad viser forholdstalet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. I Tysvær er forholdstalet her 3,9 før korrigeringar gjort under arbeidskapitalen, tilsvarande i 2018 var 4,0. Likviditeten er stabil og svært god.

Andre lovbestemte krav til innhald i årsberetning

Likestilling og diskriminering

Tysvær kommune har likestilling, likebehandling og antidiskriminering som viktige prinsipp. Tysvær kommune sin organisasjonspolitikkk understrekar at likestilling handlar om like vilkår og potensiale uavhengig av kjønn, etnisk identitet, religion, sosial status, seksuell legning, alder og funksjonsnivå. I dei lønnspolitiske retningslinjene for Tysvær kommune står det at lønnspolitikken skal syte for likestilling mellom kvinner og menn i tråd med gjeldande avtalar, jf. HA §7 og HTA kap.3.2 og Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) §34.


Likestilling handlar mellom anna om å ha ein jobb å leva av. Det er oftast kvinner som arbeider deltid, og som har ein uforutsigbar og utrygg økonomisk situasjon der ein ikkje har dei same mulighetene som dei som jobbar heiltid. For likestillinga sin del, for rekruttering til kommunesektoren og for kvaliteten på tenestene sin del er det derfor avgjerande at ein har ein langsiktig startegi og fokus på heiltidskultur.

Kommunestyret vedtok 12.februar i 2019 at Tysvær kommune skal jobba aktivt for å bli ein heiltidskommune.

Tysvær kommune definerer heiltid som 100% stilling.

1. Tysvær kommune skal ha 80% gjennomsnittlig stillingsstørrelse innen 2022.
2. Det skal arbeidast for dei mest optimale arbeidstidsordningane for brukarar og tilsette.

Det blir jobba systematisk og langsiktig med heiltidskulturarbeidet i Tysvær kommune.



Målet om 80% gjennomsnittleg stillingsstørrelse er nådd, men for helse – og omsorgssektoren er det ein veg å gå før Tysvær kommune som organisasjon kan kalla seg ein heiltidskommune.

Når det gjeld universell utforming har alle resultatområde ansvar for dette utifrå tenesta sitt lovverk. Dette gjeld i både planarbeid og i tenesteproduksjon. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne har uttalerett i saker som har med universell utforming og gjera, og kan påpeika manglar og behov.

Internkontroll

Kommunen innførte elektronisk internkontroll i 2013. Systemet heiter Risk Manager og er det same systemet som fleire av kommunane på Haugalandet har

Interkontrollen er rådmannens sitt verktøy for å oppfylle krav i samsvar med kommunelovens bestemmelser i § 23:

"Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll".

I kvalitetshandboka står det at «*Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidarar skal kunne utføre sine arbeidsoppgaver i henhold til avtalt nivå, metode, standard og kvalitet*».

Kvalitetssystemet har også ein avviksmodule. Denne er ein del av internkontrollen. Det blir jobba kontinuerleg med å implementera ein kultur og halding til at avvik er ein viktig del av forbetningsarbeidet i kommunen. Tysvær kommune går nå saman med 4 andre kommunar om innkjøp av nytt kvalitetssystem. I samband bytte av kvalitetssystem vil det også bli utarbeidd eit heilskapleg styringssystem for Tysvær kommune.

Etikk

Tysvær kommune har etisk reglement som er gjeldande både for politikarar og tilsette. Reglementet blei revidert og vedteke i kommunestyre i 2014.

Etiske retningslinjer er eit hjelpemiddel for dei tilsette når dei er på jobb, og for dei folkevalde i utøvinga av vervet sitt. Dei bygger på gjeldande lover og forskrifter, og kjem ikkje i tillegg. Formålet med Tysvær kommune sine etiske retningslinjer er å sikra god etisk praksis og definera felles standard for tilsette og folkevalde i Tysvær kommune. Som forvaltarar av samfunnets fellessgoder, og utøving av makt og myndighet blir det stilt spesielt høge krav til folkevalde og tilsette. Derfor skal retningslinjene skal bevisstgjera og oppfordra til etisk refleksjon. Det står i retningslinjene at det skal sikrast god etisk refleksjonskompetanse på alle nivå i kommunen.

I resultatområde Aktivitet og omsorg er alle leiarane pålagt etikkrettleiarkurs. Det er jamnelege refleksjonsgrupper i alle avdelingar i denne tenesta. Det blir gjennomført etisk refleksjon i andre tenester også. Det vil vera nødvendig å innføra systematisk etisk refleksjon som ein del av drifta i alle tenester. Nye politikarar har etisk reglement som ein del av politikaropplæringa.

Medarbeidarverdiar

Medarbeidarverdiane i Tysvær kommune er RAUS, OPEN, MODIG OG ANSVARLEG.

Med RAUS meiner vi at leiarar og medarbeidarar...

- er lydhøre overfor kollegaer og innbyggjarar
- er inkluderande, opne for nye idear og gjer kvarandre gode
- har respekt for kvarandre, og utnyttar mangfaldet
- har lov til å prøve og feile i vårt daglege arbeid og lærer av erfaringane våre

Med OPEN meiner vi at leiarar og medarbeidarar ...

- bidrar til gjennomsiktlige og opne prosessar
- er serviceorienterte og profesjonelle i møte med andre
- søker og deler relevant informasjon og kunnskap for å sikre gode prosessar
- bygger ein kultur der vi er ærlege med kvarandre

Med MODIG meiner vi at leiarar og medarbeidarar....

- er ærlege og tydelege overfor kvarandre
- oppmuntrar til utvikling av kunnskap og nye tenestemodellar
- er handlegkraftige førebilete for våre kollegaer og tenestemottakarar
- har mot til å sette i verk nødvendige tiltak

Med ANSVARLEG meiner vi at leiarar og medarbeidarar....

- følger aktivt opp og deltek aktivt i prosessar
- held det vi lovar og er lojale mot vedtak
- sikrar god kvalitet og effektivitet
- bidrar til å innpasse nye tenestebhov innanfor gitte rammer

Medarbeidarverdiane bygger opp under det etiske reglementet. Det blir jobba med medarbeidarverdiane på alle nivå i kommunen.


Økonomisk utvikling og perspektiv

Også det spesielle koronaåret 2020 kom ut med eit svært godt resultat, og nok eingong eit resultat som var svært mykje betre enn budsjett. Dette trass i stor uro gjennom året på dei konsekvensane korona kunne gi for kommunen.

Det er viktig i all økonomisk planlegging å tenkja langt fram i tid. Rådmannen vil her peika på nokre sentrale punkter som kan gi, og for nokre også med visse, vil gi økonomiske utfordringar som kommunen må ha fokus på. Dei seinare økonomiplanane har peika på at kommunen må innretta seg for eit muleg redusert inntektsgrunnlag. I dag har Tysvær inntekter som er klart høgare enn ein «normalinntektskommune». Men det er klart uvisse til om Tysvær blir «normalinntektskommune»; evt. når det skjer og kva konsekvensar det har for kommunen når eit anna inntektsgrunnlag er resultatet.

Rådmannen vil oppsummert peika på nokre punkter som kommunen i framtidig økonomistyring må ha stort fokus på:

- Eigedomsskatt med mulege konsekvensar av lovendringar og rettstvistar
 - 17 % av inntektsgrunnlaget (190 mill. kroner) for det utgiftsnivå vi har ligg i desse inntekter
 - Kommunen må innan 2025 ha gjort vedtak om eigedomsskatt på næringsverksemdar, for ikkje å mista 10 mill. kroner årleg frå 2026.
- Demografiutviklingen kommunen med sikkerhet får om svært få år, med fleire eldre.
 - Dette krev investeringar og driftsendringar
 - Store omprioriteringar frå barn og unge til pleie og omsorg. Illustrasjonen nedanfor syner den endring som vil skje fram mot 2030 for utgiftsbehov for dei store områda utifra forventa befolkningsutvikling i dei store aldersgruppene der tenestebehovet er størst: Pleie og omsorg, grunnskule og barnehage.



- Det må skapast økonomisk grunnlag for å møte tunge investeringar i åra som kjem på fleire av tenesteområda, men spesielt innanfor skule – og omsorgsområdet.

- Innsparingsprogram – vil måtta ha stort fokus framover når kommunen i enda større grad må innpassa drift inn mot eit redusert inntektsnivå og med det få eit kostnadsnivå som er nærare det samanliknbare komunar har utifrå storleik og utgiftsbehov utifrå befolkningsamansetjinga. Kostratala for 2020 viser at Tysvær har eit like høgt driftsnivå målt mot landet og samanliknbare kommunar som i 2019.
- Lånesiden – Renteeksponert gjeld: Det går svært bra nå med eit svært gunstig rentenivå
 - Men det kan gi utfordringar over tid når renten endrer seg.
 - Vurdera om framtidige økonomiplanar må innarbeida større nedbetaling av lånegjeld
- Klima – og miljøutfordringar – konsekvens for drift og investering dei neste åra.
- For 2020 fekk kommunen som resten av landet utfordringar knyta opp mot korona. Dette held diverre fram også i nytt driftsår. Kommunen kom godt utav kompensasjonar frå Staten for å dekkja opp inntektstap og kostnadsauke. Likevel knyter det seg uvisse til langtidsverknader korona kan ha på både økonomistatus og tenesteutvikling framover.

Tysvær Kommune har likevel eit svært godt utgangspunkt med det økonomiske grunnlaget kommunen har, for å møte dei utfordringar som er peika på i dette kapitlet, der omstilling vil vera eit nøkkelord. Det er i gode tider kommunen må leggja grunnlaget for omstilling; og Tysvær er framleis inne i gode tider ved inngangen til eit nytt budsjettår 2021, trass i korona.

Dette utgangspunktet og det utfordringsbildet kommunen har, vil rådmannen ha fokus på i arbeidet med **TK-2030**. Dette dokumentet har som mål å peika ut retning og grep kommunen må gjera for å sikra god økonomistyring og framtidsretta tenester det neste ti-året. Dokumentet skal leggjast fram til politisk handsaming i 2021.

Aksdal 31. mars 2021

Sigurd Eikje
rådmann

Tor Leif Helgesen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.05.21	11/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTMANDAT – FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT- «EFFEKTIVISERING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Effektivisering» i tråd med utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 300 timar.

Vedlegg: Prosjektmandat «Effektivisering» - Rogaland Revisjon datert 07.05.21

Bakgrunn

I møtet 08.12.21, sak 30/20 hadde kontrollutvalet sak om val av forvaltningsprosjekt i 2021. Kontrollutvalet vedtok i møtet 08.12.21, sak 30/20 følgjande:

Tysvær kontrollutval vel «Reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag» som forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2021, og ber om at Rogaland Revisjon IKS legg fram forslag til prosjektmandat i neste møte.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

- *Tysvær som normalinntektskommune,*
- *tenestetilbodet innan lovpålagte teneste,*
- *demografiske utfordringar,*
- *omstillingsarbeidet og spareprogram, erfaringar og vidare planar,*
- *innkjøp,*
- *moglege innsparingsområde samanlikna med andre kommunar og*
- *andre område revisjonen finn som aktuelle.*

Temaet var/er sett opp som prioritet nr 2 (etter temaet beredskap) blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, som vart vedteken i kommunestyret 22.09.20, sak 181/20.

I samråd med utvalsleiar og Rogaland Revisjon skulle RR leggje fram utkast til prosjektmandat til maimøtet. Utkast til prosjektmandat/plan blei oversendt sekretariatet 10.05.21.

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet er å «*se på muligheter for effektivisering og forbedring i kommunen*».

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- ***Hva er de viktigste forklaringene på at Tysvær kommune har høyere pleie- og omsorgsutgifter enn de andre kommunene?***
- ***Hvilke forbedrings-, innsparings- og effektiviseringsmuligheter finnes?***

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **300** timar. I tidsanslaget ligg prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i vedlegg. I dette prosjektet vert følgjande kjelder lagt til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- kommunelova kap. 14,
- budsjettvedtak og
- samanlikning med andre kommunar.

Dette prosjektet har ei undersøkende eller eksplorativ tilnærming, ettersom dei vil leite etter kostnadsdrivarar og effektiviseringsmuligheiter.

Når det gjeld metode er prosjektet avgrensa til å gjelde effektivisering **innanfor tenesteområdet pleie- og omsorgssektoren**. Datainnsamlinga er delt inn i to fasar – ei sonderingsfase og ei hovudfase. I sonderingsfasen vert det gjennomført tallanalyser, analyser av sentrale styringsdokument og intervju/arbeidssamlingar med nøkkelpersonar.

Dei vil starta med å gjere analyser av tall frå KOSTRA og Framsikt, deretter inn i kommunen sin meir detaljerte økonomitall, brukartall og tall/informasjon som kan seie noko om tjenestenivået. Det vil gå ei god del tid med til å kvalitetssikre tallene dei får om andre kommunar, slik at talla blir best mogleg samanliknbare.

Hovudfasen vil gå med til å gjennomføre gruppeintervju/samlingar i ulike deler av organisasjonen, for å undersøke nærare kva forbetringmoglegheiter som finnast.

Prosjektet vil bli leia av Svein Kvalvåg og Linn Christin Rustøen.

Rogaland Revisjon skriv ikkje noko om oppstart eller når rapporten vil vere klar for oversending. Utvalet har i følgje vedtatt møteplan sett opp møte i haust: 14. september og 9. november. Kommunestyret har møte 26. oktober, men evt. dersom leveringsdato vert i september vil rapporten bli sendt til kommunestyremøtet 16. november som då blir ein veke etter kontrollutvalet si handsaming.

Kontrollutvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane er det kontrollutvalet ønskjer med prosjektet.

Aksdal, 11.05.21

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT


Effektivisering

Tysvær kommune, 2021

BAKGRUNN

I møte den 08.12.2020 valgte kontrollutvalget i Tysvær «*Reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag*» som forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2021, og ba om at Rogaland Revisjon IKS la frem forslag til prosjektmandat. Her er vårt forslag.


Korrigerte frie inntekter varierer mye mellom kommunene i Norge. Figuren under viser korrigerte frie inntekter for 2019.¹ Inntektene er sammenlignet med landsgjennomsnittet (= 100 prosent). Av figuren ser vi at Tysvær kommune i 2019 hadde korrigerte inntekter som var 18 prosent høyere enn landsgjennomsnittet.




¹ Inkludert eiendomsskatt, konsesjons-kraft-/hjemfallsinntekter, havbruksfond og fordel av differensiert arbeidsgiveravgift.

I 2019 hadde Tysvær 11.020 kroner mer per innbygger i frie disponible inntekter enn landsnittet.


Figuren under viser Tysvær kommunes prioritering av tjenester som inngår i inntektssystemet. Den viser at kommunen bruker 4767 kroner mer på disse tjenestene per innbygger enn landsgjennomsnittet når vi korrigerer for utgiftsbehov. Over halvparten av dette, dvs. 2653 kroner per innbygger, skyldes pleie og omsorg.




Befolkningsframskrivningen frem mot 2030 viser at Tysvær kommune vil få en vekst som ligge noe under landet og Rogaland.



Ser vi på endringen innenfor aldersgruppene, viser befolkningsframskrivingen en kraftig vekst i antall innbyggere 67 år og over, mens det vil bli en reduksjon i antall innbygger i barnehage- og skolealder.



Denne vridningen ser vi også igjen i utviklingen av demografikostnader frem til 2030. Disse kostnadene er beregnet ut fra dagens behov og organisering av tilbudet slik det ser ut i dag.



Frem mot 2030 vil det være en vekst i behovet for tjenester innenfor pleie og omsorg, samtidig som behovet for barnehager og skoler reduseres.

Sammenligning av kostnadsnivå

Når man sammenligner kostnadsnivået mellom ulike kommuner er det en fordel å justere for kommunens objektive kostnadsnøkkel, som viser utgiftsbehovet til kommunen. Ved å justere

for utgiftsbehov tar man bort forskjeller som blant annet skyldes ulik befolknings-sammensetning.

Tabellen under viser hvor mye Tysvær kommune teoretisk kan spare dersom de hadde hatt netto driftsutgifter per innbygger på samme nivå som sammenligningskommunene. Positive tall indikerer et teoretisk innsparingsbeløp.

	Karmøy	Haugesund	Vindafjord	Sveio	Bokn	Bømlo
Pleie og omsorg	39,2	38,2	28,8	65,9	32,6	52,5
Grunnskole	17,7	27,1	-10,6	11,8	-27,1	0,9
Barnehage	16,9	6,7	18,9	-0,1	-16,2	1
Adm, styring og fellesutgifter	15,3	5,4	-2	9,9	-15,5	12,1
Sosiale tjenester	2,9	4	6,3	8,2	16,3	5,8
Kommunehelse	10,9	12,2	2,5	9,1	13	2,8
Barnevern	6,1	6,1	-4,4	-0,4	1,4	-2,6
Kultur og idrett	16,8	9,9	20,9	14,4	-17,2	10,8
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	2,4	5,3	7,7	4,4	-24	8,6
Andre områder	20,5	26	26,5	22,5	-100	24,6
Totalt	148,7	141	94,7	145,9	-136,8	116,4

Innenfor pleie og omsorg ligger Sveio kommune lavt i forhold til Tysvær. Dersom Tysvær kommune hadde hatt samme kostnader per innbygger til pleie og omsorg som Sveio så er den teoretiske innsparingsmuligheten om lag 66 millioner kroner. Dersom Tysvær hadde hatt samme kostnadsnivå som Haugesund innenfor grunnskole ville den teoretiske innsparingsmuligheten vært 27,1 millioner kroner.

Det er viktig å understreke at dette er en teoretisk innsparingsmulighet. Det kan være forskjeller i organisering, behov og annet som påvirker tallene. Men oversikten kan brukes som et utgangspunkt for hvilke området man bør dykke dypere ned i.

Etter revisjonens vurdering bør kontrollutvalget dykke dypere ned på ett område for å sikre et avgrenset og grundig prosjekt, og for å unngå at analysen blir for generell og overfladisk. Vi anbefaler kontrollutvalget å undersøke pleie- og omsorgssektoren. Det er to grunner til dette: Sektoren er stor og viktig, og det er her det teoretiske innsparingspotensialet er størst.

Rogaland Revisjon har også to pågående forvaltningsrevisjoner som omhandler effektivisering innenfor levekårsområdet i Sola og Stavanger kommune. Vi mener dette vil kunne gi positive synergier for prosjektet.

OPPDRAGET

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalget i Tysvær kommune bestilte 08.12.2021 en forvaltningsrevisjon om reduksjon av fremtidig inntektsgrunnlag.	<u>Problemstillinger:</u> • Hva er de viktigste forklaringene på at Tysvær kommune har høyere pleie- og omsorgsutgifter enn de andre kommunene?
<u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å se på muligheter for effektivisering og forbedring i kommunen.	• Hvilke forbedrings-, innsparings- og effektiviseringsmuligheter finnes?

Hvis datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalget.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funn i de undersøkelser som gjennomføres. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området. I dette prosjektet legges følgende kilder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Kommuneloven kap 14
- Budsjettvedtak
- Sammenligning med andre kommuner

Dette prosjektet har en undersøkende eller eksplorativ tilnærming, ettersom vi leter etter kostnadsdrivere og effektiviseringsmuligheter. Dette betyr at revisjonskriteriene vil få relativt liten plass i dette prosjektet, og at vurderingene i all hovedsak vil være basert på nøkkeltallsanalyser og intervjuer. Vi ønsker å bruke benchmarking som vurderingskriterium, men er usikre på hvilket detaljeringsnivå vi kan legge oss på. Ambisjonen er å gjøre sammenligningen så konkret og treffsikker som mulig, men dette avhenger av detaljeringsnivået på dataene fra sammenligningskommunene.

METODE

Prosjektet avgrenses til å gjelde effektivisering innenfor tjenestområdet pleie og omsorgssektoren (se forklaring i bakgrunns delen). Datainnsamlingen er delt inn i to faser – en sonderingsfase og en hovedfase. I **sonderingsfasen** gjennomføres tallanalyser, analyser av sentrale styringsdokumenter og intervjuer/arbeidssamlinger med nøkkelpersoner.

Vi starter med å gjøre analyser av tall fra KOSTRA og Framsikt, dvs. offentlig tilgjengelige tall. Deretter beveger vi oss inn i kommunens mer detaljerte økonomitall, brukertall og tall/informasjon som kan si noe om tjenestenivået. Vi ønsker å gjøre tilsvarende tallanalyser i de kommunene vi sammenligner Tysvær med.

Erfaringsmessig vil det gå en god del tid med til å kvalitetssikre tallene vi får fra den enkelte kommune, slik at tallene blir best mulig sammenlignbare.

Hovedfasen vil gå med til å gjennomføre gruppeintervjuer/samlinger i ulike deler av organisasjonen, for å undersøke nærmere hvilke forbedringsmuligheter som finnes. Tallanalysene i sonderingsfasen vil avgjøre hvem som blir intervjuet. Erfaringsmessig vil intervjurundene kunne innebære behov for nye tall- og dokumentanalyser, for å sikre triangulering av dataene.

OMFANG

Prosjektet ledes av Svein Kvalvåg og Linn Christin Rustøen. Det forutsettes et tett samarbeid med representanter for kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 300 timer.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.05.21	12/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.05.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Referatsakene nr 6 – 18 blir tatt til orientering.

Vedlegg:

6. Statusrapport pr. mai 2021
7. KST- vedtak 16.02.21 , sak 10/21- Turveg til Himåkåna
8. KST- vedtak 16.02.21 , sak 11/21- Kontrollutvalet – årsmelding 2020
9. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
10. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS nr 18 Haugaland Vekst IKS
12. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
13. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
14. Saksframlegg vedr. om opptak av nye deltakarar i Rogaland Revisjon IKS
15. KDM mars 2020 – Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskrifta (ligg på nettsida)
16. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 21.-22.04.21 –Årvik og Gjedrem deltok digitalt
17. Invitasjon til digital FKT sin konferanse 1.-2.juni 2021 (frist 18. mai)

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar, protokollar, rapportar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 11.05.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Tysvær - Statusoversikt januar 2021

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Orienteringer					
Forvaltn.revisjons-prosjekt «Effektivisering»	18.05.21, sak 11(21)	300 t	Til bestilling	hausten 2021	Rogaland Revisjon IKS

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	Bestilt KU/KST	Kontroll- utval	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Effektivisering»	Mai 2021	Hausten 2021			Rogaland Revisjon IKS
«Kvalitetssikring av plan- og byggesaks- handsaminga»	05.02.20	09.06.20, sak 15/20	29.09.20, sak 83/20	Hausten 2021	KPMG AS 12 månader

Tidlegare prosjekt/orienteringar

Tema	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KU/KST	Merknader
«Turveg Himakåndå»	12.05.20, sak 8/20	02.02.21, sak 4/21	16.02.21, sak 10/21		
Orientering økonomisjefen	04.02.20, sak 2/20	02.02.21, sak 2/21			Økonomisjef Meike Baumgart
Orientering komm.sjef helse og mestring	04.02.20, sak 2/20	18.05.21 Sak 9/21			Komm. sjef Annbjørg Lunde
Tilsynsrapportar - FM	05.02.20	13.05.20			Skulesjef
Orientering Kommunal- sjef oppvekst & kultur	05.02.20	09.06.20, sak 16/20			Komm.sjef oppvekst
Orientering barnevernsleiar	05.02.20	09.06.20, sak 17/20			Barneverns- leiar
Plan for forvaltnings- revisjon 2020-2024	02.12.19, sak 24/19	09.06, sak 13/20	29.09.20, sak 82/20		KPMG AS
Plan for eigarskontroll 2020-2024	02.12.19, sak 24/19	09.06, sak 14/20	29.09.20, sak 81/20		KPMG AS
«Kvalitet og ressurs- effektivitet innan pleie og omsorgstenestene»	06.11.18, sak 25/18	21.05.19, sak 6/19	18.06.19, sak 34/19	29.09.20, sak 84/20	



TYSVÆR KOMMUNE

Politisk sekretariat

Dato: 19.02.2021

Vår arkivsakID: 20/1359

Dykkars referanse:

Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

**Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 57**

5575 AKSDAL

Prosjektet "Turveg til Himakånå" - rapport frå rådmannen og ordførar - sak til KST

Kommunestyret- 010/21, har i møte 16.02.2021 19:00 fatta følgande vedtak:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen sin rapport, dagsett 22.01.21, med vedlegg og ordførar si tilbakemelding om prosjektet «Turveg til Himakånå» til orientering.

Tysvær kommunestyre vil som læring framheve kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbudsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt, samt at kommunestyret legg til grunn for sitt politiske arbeid at ein skal ha godt gjennomarbeidde saksframlegg som grunnlag for vedtak i folkevalde organ.

Med helsing

Liv Jorunn Frønsdal
Leder politisk sekretariat

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.



TYSVÆR KOMMUNE

Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

Rådmann: Sigurd Eikje

Dato:

05.02.2021

Arkivsak-ID.:

20/4017

JournalpostID:

21/3516

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/21	Kommunestyret	16.02.2021

Årsmelding 2020 - Tysvær kontrollutval

Kontrollutvalet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tek årsmelding 2020 for Tysvær kontrollutval til orientering

Kommunestyret 16.02.2021:

Behandling:

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KST- 011/21 Vedtak:

Tysvær kommunestyre tek årsmelding 2020 for Tysvær kontrollutval til orientering

Saksutredning

Bakgrunn for saken

I følge kommunelova §23-5 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget».

Kontrollutvalet godkjede i møte 02.02.21 årsmeldinga for 2020, med innstilling om at kommunestyret tek den til orientering.

Særutskrift frå kontrollutvalet si behandling av saka, samt årsmelding for 2020 ligg vedlagt.

Vedlegg:

Særutskrift Årsmelding - sak 6/21 i kontrollutvalget
Årsmelding 2020 - Tysvær kontrollutvalg



Haugaland brann og redning iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested:	Digital plattform (TEAMS)	
Møtedato:	23.04.2021	
Tid:	09 ⁰⁰ - 11 ⁰⁰	
Saker:	21/001-21/010	
Til stede:	Gerd Helen Bø, leder Jarle Nilsen, medlem Osmund Våga, medlem Linn Therese Erve, medlem Marte Eide Klovning, medlem Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, medlem Sigmund Lier, medlem Tove Elise Olsen Madland, varamedlem	Suldal Karmøy Bokn Sveio Utsira Etne Tysvær Vindafjord
Forfall:	-	
Andre:	Elling Hetland, styreleder Kristin Helle, styremedlem Torleif Østrem-Olsen, nestleder styre Laila Steine, styremedlem Ole Martin Nordstrand, styremedlem Karin Dokken Austvik, rådmann Suldal Ingeborg Skjølingstad, rådmann Bokn Ole Johan Vierdal, medlem Vindafjord (observatør) Dag Botnen, daglig leder Siv Kristiansen, leder økonomi (sak 21/004)	
Diverse merknader:	-	
Underskrifter:		
Stad:	Haugesund	
Dato:	23.04.2021	

Gerd Helen Bø
leder

Jarle Nilsen
medlem

Osmund Våga
medlem

Linn Therese Erve
medlem

Marte Eide Klovning
medlem

Sigmund Lier
medlem

Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim
medlem

Ole Johan Vierdal
medlem

Møteprotokoll er sendt til:

- eierkommuner
- revisjonen/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
21/001	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
21/002	Godkjenning av protokoll 13.11.2020	Vedtak
21/003	Årsmelding 2020	Vedtak
21/004	Regnskap 2020	Vedtak
21/005	Val av styre for perioden 2021-2023, fastsettelse av styrehonorar og endring av selskapsavtale	Vedtak
21/006	Styreevaluering	Orientering
21/007	Samarbeidsavtale med Haugesund, ref. forliksavtale	Vedtak
21/008	Organisering og dimensjonering av hovedbrannstasjon	Vedtak
21/009	Orientering om drifta a. Covid-19 b. Status for tiltak etter bekymringsmeldinger i 2020	Orientering
21/010	Eventuelt	-

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

21/001 Godkjenning av innkalling og saksliste

BRANNSJEFEN SIN ANBEFALING

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Sak 5 og 6 bytter rekkefølge.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

21/002 Godkjenning av protokoll 13.11.2020

Brannsjefen sin anbefaling

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 13.11.2021 som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokollen av 13.11.2021 som fremlagt.

21/003 Årsmelding 2020

Brannsjefen sin tilråding

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar årsmeldingen slik den er fremlagt. Årsmeldingen sendes til eierkommunene til orientering.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar årsmeldingen slik den er fremlagt. Årsmeldingen sendes til eierkommunene til orientering.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar årsmeldingen slik den er fremlagt. Årsmeldingen sendes til eierkommunene til orientering.

21/004 Regnskap 2020**Brannsjefen sin tilråding**

1. Representantskapet fastsetter regnskapet som fremlagt med følgende interne finanstransaksjoner:
 - a. kr. 6 672 621,- avsettes på selskapets disposisjonsfond.
 - b. kr 802 392,- avsettes av på selskapets bundne driftsfond.
 - c. Udekket investeringskostnad på kr. 3 955 535,- dekkes gjennom overføringer fra driftsregnskapet.

Saksbehandling i styret 24.03.2021

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet fastsetter regnskapet som fremlagt med følgende interne finanstransaksjoner:
 - a. kr. 6 672 621,- avsettes på selskapets disposisjonsfond.
 - b. kr 802 392,- avsettes av på selskapets bundne driftsfond.
 - c. Udekket investeringskostnad på kr. 3 955 535,- dekkes gjennom overføringer fra driftsregnskapet.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Under note 3 legges det inn en forklaring på endring fra 2019 til 2020.

Det ble gjennomgått noen kontoer der forskjellene er relativt store:

Post 170 - kjøretøy

Post 190 - husleie

Post 375 - kjøp av kommuner

Det sendes en mer detaljert beskrivelse i etterkant av møtet.

Ellers blir det minnet om at det må være en god kontakt mellom kommunene og HBR i budsjettprosessen.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet fastsetter regnskapet som fremlagt med følgende interne finanstransaksjoner:
 - a. kr. 6 672 621,- avsettes på selskapets disposisjonsfond.
 - b. kr 802 392,- avsettes av på selskapets bundne driftsfond.
 - c. Udekket investeringskostnad på kr. 3 955 535,- dekkes gjennom overføringer fra driftsregnskapet.

Brannsjefen sin anbefaling

1. Representantskapet fastsetter følgende styre for neste periode, ref. selskapsavtale for Haugaland brann og redning iks:

Styreleder, nestleder og styremedlem:

Styreleder: _____

Nestleder: _____

Styremedlem: _____

Styremedlem: _____

Styremedlem: _____

Varamedlem, numerisk og i rekkefølge:

Varamedlem 1: _____

Varamedlem 2: _____

Varamedlem 3: _____

Varamedlem 4: _____

Varamedlem 5: _____

Ansatterepresentanter, ref. protokoll av 23.4.2021, er for samme periode:

Styremedlem: _____ med _____ som personlig varamedlem.

Styremedlem: _____ med _____ som personlig varamedlem.

Styremedlem: _____ med _____ som personlig varamedlem.

2. Representantskapet vedtar følgende endringer i selskapsavtalen § 3-2, første avsnitt:

Avsnittet endres fra: *Styret skal ha 8 medlemmer med personlige varamedlemmer. Disse skal fordeles mellom medlemmer valgt av ansatte og medlemmer valgt av deltagerkommunene slik: Deltagerkommunene - 5 medlemmer, ansatte - 3 medlemmer.*

Til: *Styret skal ha 8 medlemmer, 5 valgt av deltagerkommunene og 3 valgt av og blant de ansatte. Det er for medlem valgt av deltagerkommunene varamedlem i numerisk rekkefølge hvor varamedlem nummer 1 har oppmøterett, men ikke stemmerett. For medlem valgt av de ansatte er det personlige varamedlem.*

3. Representantskapet fastsetter følgende retningslinjer for styregodtgjøring for perioden 2021-2023:

Retningslinjer for godtgjersle til styret i Haugaland brann og redning iks	
Årleg godtgjersle til styreleiar	
Årleg godtgjersle til nestleiar i styret	
Årleg godtgjersle til styremedlem	
Årleg godtgjersle til fast varamedlem	
<i>Styremedlemmer må delta på minst halvparten av møta for å få fullt styrehonorar. Ved deltakelse på mindre enn halvparten av møta, for eksempel 3 av 8 møter, utbetalast 3/8 av styrehonoraret.</i>	
